



Eivindvigens anden Skaber

Niels Griis Alstrup Dahl (1778-1852)

Hovudfag i historie våren 1995
av Aud Randal

-
- [1. Innleiing](#)
 - [2. Møtet med prestegjeldet og kyrkjelyden](#)
 - [3. Nytt syn på jordbruksnæringa](#)
 - [4. Frå ussel prestegard til mørsterbruk](#)
 - [5. Det fordærvelige fællesskab](#)
 - [6. Jordskiftelova av 1821](#)
 - [7. Dahl sitt framlegg til jordskiftelov](#)
 - [8. Jordskiftet i Eivindvik prestegjeld frå 1817 til slutten av 1830-åra](#)
 - [9. Kva skjedde etter jordskiftet?](#)
 - [10. Avslutning](#)
 - [11. Vedlegg 1](#)
 - [12. Vedlegg 2](#)
 - [13. Litteratur og trykte kjelder](#)
 - [Innhald](#)





Detaljert innhold

- [1. Innleiing](#)
 - [1.1 Niels Griis Alstrup Dahl](#)
 - [1.2 Ein betre allmugeskule](#)
 - [1.3 Kjelder](#)
- [2. Møtet med prestegjeldet og kyrkjelyden](#)
 - [2.1 Eit godt men stridt kall](#)
 - [2.2 Prest og kyrkjelyd](#)
- [3. Nytt syn på jordbruksnæringa](#)
 - [3.1 Jordbruk og patriotisme i det norske samfunnet](#)
 - [3.2 Mønsterbruk, jordbrukslag- og organisasjonar](#)
 - [3.3 Patrioten Dahl](#)
- [4. Frå ussel prestegard til mønsterbruk](#)
 - [4.1 Prestegarden og jordbruksstilhøva](#)
 - [4.2 Dyrkningsarbeidet](#)
 - [4.3 Kostnadene](#)
 - [4.4 Avling og dyrehald](#)
 - [4.5 Den nye byggjeskikken](#)
 - [4.6 Bygningane på prestegarden](#)
 - [4.7 Konklusjon](#)
 - [4.8 Samtidsvitne om mønsterbruket i Eivindvik](#)
 - [4.9 Eivindvig](#)
- [5. Det fordærvelige fællesskab](#)
 - [5.1 Tilhøva i Eivindvik prestegjeld](#)
- [6. Jordskiftelova av 1821](#)
- [7. Dahl sitt framlegg til jordskiftelov](#)
 - [7.1 Husflytting i samband med jordskiftet - kvifor var det så viktig?](#)
 - [7.2 Førebuing og planlegging av jordskiftet](#)
 - [7.3 Ein offentleg jordskiftekommisjon](#)
 - [7.4 Forbod mot teigeskifte for framtida](#)
 - [7.5 Spor etter Dahl i den nye jordskiftelova?](#)
- [8. Jordskiftet i Eivindvik prestegjeld frå 1817 til slutten av 1830-åra](#)
 - [8.1 Omganget av jordskiftet](#)
 - [8.2 Korleis var jordskiftet utført?](#)
 - [8.3 Framgangsmåten i jordskiftearbeidet](#)
 - [8.4 Konklusjon](#)
- [9. Kva skjedde etter jordskiftet?](#)
 - [9.1 Husflytting og ny byggjeskikk](#)
 - [9.2 Innhegning, dyrkningsarbeid og auka avling](#)
 - [9.3 Konklusjon](#)
- [10. Avslutning](#)
- [11. Vedlegg 1](#)
- [12. Vedlegg 2](#)
- [13. Litteratur og trykte kjelder](#)





1. Innleiing

- [1.1 Niels Griis Alstrup Dahl](#)
- [1.2 Ein betre allmugeskule](#)
- [1.3 Kjelder](#)

Niels Griis Alstrup Dahl verka som prest og folkeopplysningsmann i Eivindvik prestegjeld frå 1804 til 1852. Om denne mannen og gjerninga hans har det spunne seg myter som det har vore interessant å undersøkje grunnlaget for. Det er først og fremst Henrik Wergeland som har skapt mytene om Dahl. I diktet EIVINDVIG skildrar han føregangsmannen med brei penn. Ein karakteristikk som "Eivindvigens anden Skaber", eller det meir kjende sitatet frå same diktet: "Brød af Steen og Aand af Striler Dahl i Eivindvigen tvang", vekkjer åtgaum og interesse for mannen og verket hans. Ei undersøking av Dahl sitt arbeid er også interessant frå ein lokalhistorisk synsstad, samstundes som ho kan kaste lys over viktige sider ved den nasjonale historia dei første tiåra av 1800-talet. Dahl er ein av dei mange embetsmennene frå denne tida, som ville byggje det nye Noreg med folkeopplysning og eit sterkt jordbruk.

Hovudoppgåva handlar om Dahl sitt arbeid med å utvikle jordbruket i Eivindvik prestegjeld. Gjennom mørnsterbrukdrift på prestegarden vegleia og oppmuntra han bøndene, og ved jordskiftearbeid la han til rette for at dei kunne gå i gang med liknande tiltak på sine eigne bruk. Ei viktig målsetting med oppgåva har vore å finne ut kor langt Dahl nådde i dette arbeidet. Oppgåva har tre hovudkapittel, det er kap. 4 som omhandlar mørnsterbruksdrifta på prestegarden, og kap. 8 som omhandlar jordskiftet, særleg i Gulen tinglag, i tidsrommet 1817 til slutten av 1830-åra. Dahl dreiv både utmarks- og innmarksjordskifte. Denne oppgåva tek berre for seg innmarksjordskifte. Endeleg er det kap. 9 som omhandlar utviklinga på gardane etter jordskiftet.

Dahl gjorde også ein stor innsats får å få skulestellet i prestegjeldet på fote. Dette arbeidet gjekk eg inn på i storfagsoppgåva. Nedafor skal eg kort referere frå dei viktigaste punkta i oppgåva, men først skal Dahl presenterast nærmare.

1.1 Niels Griis Alstrup Dahl

Dahl vart utnemnd til kapellan i Eivindvik prestegjeld frå 24. februar 1804, og til sokneprest same stad frå 18. desember 1807. Frå 1823 til 1847 var han også prost i Ytre Sogn prosti.

Han var fødd i Kvinnherad i 1778 og var den nest eldste i ein søskjenflokk på tolv. Foreldra var Johan Koren Dahl og Else Alstrup. Faren var yrkesmilitær og vart til sist oberstløytnant. Bestefaren hadde vore forvaltar ved baroniet i Rosendal i over 20 år. Familien var velståande. Dahl vokste opp i den herskapelege kapteinsgarden på Nedre Fet i Uskedalen.

Den første skulegongen sin fekk han hjå soknepresten i heimbygda, Nils Hertzberg. Sinare gjekk han på Katedralskulen i Bergen og tok eksamen artium der i 1796. Så gjekk ferda til København der han studerte teologi frå 1797 til 1800/1801. Han avla teologisk embetseksamnen 30. oktober 1800 og "catechetisk" prøve med dimmisjonspreike den 30. oktober 1801, alt med laudabel karakter.

Ferda gjekk så attende til heimbygda der han vart medhjelpar hjå sokneprest Nils Hertzberg, ei teneste som varte like til han fekk kapellaniet i Eivindvik prestegjeld. I desse åra vart han også kjend med Hylleborg Hertzberg som var ein slekting av soknepresten, og som var hushalderske i prestegarden. Henne gifta han seg med i 1805, året etter han kom til Eivindvik. Dahl og kona hadde ikkje born sjølv, men dei fostra opp fleire born mellom anna 2 foreldrelause taterborn.

Som prest og embetsmann i Eivindvik prestegjeld var Dahl svært aktiv, og han tok på seg mange oppgåver og verv som ikkje hadde noko med presterolla å gjere. Såleis leia han forlikskommisjonen på ein framifrå måte frå 1805 til han døydde. Berre få saker gjekk til retten i hans tid. Då formannskapslovene vart sette ut i livet i 1837 vart han valt til ordførar, eit verv han sat i til 1849. Han interesserte seg også for rikspolitiske spørsmål og tok del i samfunnsdebatten på ymse felt. Hausten 1814 møtte han på det ekstraordinære stortinget som representant for Nordre Bergenhus amt. Han møtte også på stortinget i 1827, i 1828 og i 1830.

Først og fremst var Dahl ein ivrig folkeopplysningsmann og ein varm patriot. Det var desse interessene som var drivkrafa i arbeidet både med jordbruksmålet og skulestellet og mangt anna. Til dømes var han oppteken av helseproblematikken og dreiv lekarverksemd. Den største innsatsen på dette feltet var truleg vaksinasjonsarbeidet. Medan han enno var kapellan, organiserte han og fekk gjennomført eit omfattande vaksinasjonsprogram der alle innbyggjarane i prestegjeldet vart vaksinerte og revaksinerte mot koppar. Arbeidet gav gode resultat. Då ein koppe-epidemi slo til på Vestlandet i 1830-åra og herja stygt mellom anna i Ytre sogn prosti, gjekk Eivindvik prestegjeld mest fri. "Kun 2 eller 3 Mennesker bleve angrepane som ikke havde villet lade sig omvaqcinere", skriv Dahl.[\[1\]](#) Han skal også ha mykje av æra for at det vart opplært og tilsett ei distriktsjordmor i Ytre Sogn i 1827. Ho hadde bustad i Eivindvik prestegjeld.

Det var studietida i København som hadde forma Dahl, slik ho også hadde gjort med mange av embetsbrørne hans. Det var i dei åra grunnlaget vart lagt for dei vidfemnande interessene.

Ved det telogiske fakultetet stod opplysningsteologien sterkt kring 1800. Det var ei teologisk retning som hadde mykje av idegrunnlaget sitt frå opplysningstida. Den menneskelege tanke og fornuft vart sett høgt. Det var mest ikkje ende på kor langt mennesket kunne nå med evnene sine dersom det berre fekk kunnskap nok. Med slike tankar som utgangspunkt er det forståeleg at mange prestar i denne tida, sette folkeopplysningsverksemd høgt på programmet sitt.

Miljøet i Det Norske Selskab drog i same lei. I 1790-åra var det dei franske opplysningsfilosofane ein først og fremst las og drøfta der. Viktige mål for selskapet var å arbeide for "almindelig Oplysnings Udbredelse" og å "danne Patrioter".[\[2\]](#) Om Dahl var medlem av Det Norske Selskab er ikkje kjent, men når ein ser på dei sakene selskapet gjekk inn for, er det rimeleg at han hadde tilhald der. I alle høve måtte han ha godt kjennskap til kva som rørte seg i selskapet, for den gode venen hans, Lyder Sagen,[\[3\]](#) var ein aktivt medlem.

1.2 Ein betre allmugeskule

I arbeidet med å betre skulestellet satsa Dahl særleg på fire felt: Betre læraropplæring, betre lærarlønn, faste skular og utvida undervisningstilbod.

Læraropplæringa tok han seg av sjølv. Han plukka ut emna mellom konfirmantane og gav dei opplæring i prestegarden. Der fekk dei gratis opphold og klede så lenge opplæringa varte. Det hende også at Dahl kosta lærarelevar til Bergen for at dei skulle få vidare opplæring. Ein av desse var Elling Iversen. I 1833 var han ved Cristi Krybbe skole for å setje seg inn i vekselmetoden og i søndagsskule-ordninga. Samstundes nyttta han høvet til å få opplæring i salmodikonspel og song.[\[4\]](#) Vekselmetoden gjekk ut på at dei større elevane skulle hjelpe til i undervisninga etter visse reglar. Metoden kom frå England og vart svært populær i Noreg i 1820-åra. I 1827 var metoden i bruk i den faste skulen i Fonnevik i hovudsokna. Då lærarseminaret på Stord vart oppretta i 1838, gjekk folk frå Eivindvik prestegjeld også der med økonomisk stønad frå Dahl.[\[5\]](#)

Lærarane i Eivindvik merka seg ut med dugleiken sin. Etter visitasen i 1820, skriv prost Normann: "I intet af de andre Præstegjeld...haves saa gode Skoleholdere...som i Eivindvik".[\[6\]](#) Biskop Neumann som vitja Eivindvik i 1824, var også svært nøgd med skulestellet og lærarane der: "Skolevæsenets Tilstand synes daglig at forbedre sig i Forhold til som Præstegjeldets Skoleholdere stedse gaae frem i Kundskabs Dannelse", skriv han.[\[7\]](#) Etter visitasen i 1840 var han også full av lovord om lærarane og skulestellet i prestegjeldet.

Dahl sette også mykje inn på å få lærarlønnene opp. Ein skulle kunne leve av å vere lærar. Han arbeidde for å gjere læraryrket til ein eigen profesjon og ville ha bort ordninga med at bønder tok seg arbeid som omgangsskulelærarar om vinteren.

I 1814 hadde omgangsskulelærarane i Eivindvik prestegjeld 4-7 rdl. i årslønn. I 1819 hadde Dahl med ihuga arbeid fått lønna opp til gjennomsnittleg 14 1/2 spd.. Den høgaste gjennomsnittslønna for omgangsskulelærarar elles i Sogn fann ein i Lavik prestegjeld, med 8 spd.. I 1826 hadde dei fleste lærarane i stiftet berre mellom 5-10 spd. i årslønn. I 1848 hadde alle omgangsskulelæraranen i Eivindvik prestegjeld 20 spd. i årslønn, og lærarane i dei faste skulane, 50 spd..[\[8\]](#) Lova av 1827 hadde som mål at alle omgangsskulelærarar skulle ha ei minimumslønn på 20 spd. årleg, men det var ytterst få prestegjeld i Bergens Stift som nådde dette målet før 1850, utanom Eivindvik.

Når det kunne la seg gjere å få lærarlønnene meir opp i Eivindvik prestegjeld enn andre stader, hang det saman med ei nyordning av skuleskatten som Dahl fekk gjennomført. Ordninga gjekk ut på at skuleskatten vart likna ut på martrikkelen. Dette var ei meir rettvis ordning enn den gamle, som gjekk ut på at alle bønder skulle betale den same årlege summen til skulekassa anten dei hadde stor eller liten gard. Bøndene var godt nøgde med den nye ordninga og betalte difor skuleskatten med lettare hjarta enn før. Det kom inn to til tre gonger så mykje pengar til skulestellet i Eivindvik prestegjeld enn det gjorde i andre prestegjeld i Sogn. Nyordninga vart innført i hovudsokna før 1819, og i Brekke undersokn i 1822.[\[9\]](#) I 1820-åra var dette ein uvanleg måte å krevje inn skuleskatten på, men seinare vart

ordninga vanleg andre stader også.

I 1825 oppretta Dahl to faste skular, ein i Fonnevik i hovudsokna og ein på Lovisendal i Brekke undersokn. Bøndene var ikkje viljuge til å yte pengar til faste skular, som dei ikkje såg nokon nytte i. Skulane vart difor oppretta i hus som Dahl eigde sjølv, og han bar utgiftene til lys og brensel. I tillegg måtte han halde lærarane kosten. I 1840-åra oppretta han to faste skular til, ein på Byrknes i hovudsokna, og ein på Husøy undersokn. Denne gongen var det enklare då Opplysningsvesenets Fond støtta med 80 spd.. Eivindvik prestegjeld var tidleg ute med dei første faste skulane. I 1828 var det berre ni faste skular i heile stiftet.[\[10\]](#)

Dahl fekk også utvida undervisningstilbodet til 52 veker i året. Dette var ei gunstig ordning avdi borna då lettare kunne få skulegangen til å høve med arbeidet heime. Det vart mindre skoft på denne måten. I 1837 var denne ordninga gjennomført i samtlege sju omgangsskuledistrikt og i dei to faste skulane i prestegjeldet. Skuletida var 60 dagar i året. I dei andre prestegjelda i Sogn gjekk undervisningstilbodet over 17 til 38 veker i året.[\[11\]](#)

1.3 Kjelder

Det er ingen tidlegare som har forska nemnande på Dahl sitt arbeid som føregangsmann i jordbruket. Eg har difor måttå byggje oppgåva, i all hovudsak på utrykt arkivmateriale. I kap. 4, om mørsterbruket, har ein syns- og taksforretning på prestegarden 17. aug. 1818, vore ei viktig kjelde samt inntektsoppgåver frå Dahl. I kap. 8, om jordskiftet, har eg henta viktige opplysningar frå forliksprotokollane der dei fleste jordskifteforretningane er utførleg noterte. I kap. 9 har ei rekke synfaringsrapportar som Dahl sende Det Nyttige Selskab i samband med søknader om premie til bønder i prestegjeldet, vore ei viktig kjelde. Elles har ei rekke brev frå Dahl til biskopen og amtmannen gjeve gode opplysningar. Vidare må nemnast Dahl sitt framlegg til jordskiftelov i 1824. Dette lovframlegget blir omhandla i kap. 7. Ei kjelde som eg har sakna er arkivet for sokneselskapet i Eivindvik prestegjeld. Selskapet var aktivt frå 1811 til 1831 og var leia av Dahl. Det har ikkje vore mogeleg å finne dette arkivet som truleg kunne gjeve viktige opplysningar om jordbruket i prestegjeldet i dette tidsrommet.

Av litteratur vil eg særleg nemne, Ivar Kleiva: **Gulen i gammal og ny tid**, bd. I, (1973), og av same forfattar: "Nils Griis Alstrup Dahl", **Historielaget for Sogn**, nr. 17 (1955) Rolv Laache: "Om Eivindvikspresten Niels Dahl", **Historisk Tidsskrift**, (1937-1940), og endeleg **Budstikken**, no. 47 til 53 (1824). Sjå elles liste over kjelder og litteratur bak i oppgåva.

[\[1\]](#)

SA. Gulen s.prestark. utg. brev, til amtm. 11.7.1838. Dahl hadde fått røynsle med vaksinasjonsarbeid medan han var medhjelpar hjå Hertzberg. Då hjelpte han til med å vaksinere 400 born mot koppar.

[\[2\]](#) A.H. Winsnes: Det Norske Selskab (1772-1812) (1924), s 344 f

[\[3\]](#) Lyder Sagen var overlærar ved Katedralskulen i Bergen frå 1814 til 1850. Han studerte i København samstundes med Dahl. Dei to brevveksla med kvarandre gjennom heile live.

[\[4\]](#) SA. Bispeark. Brev frå Dahl til biskopen, 10.10. 1833.

[\[5\]](#) Halkild Nilsen: **Skolestell og folkeopplysning i bygdene i Bergens Stift 1800-1850**, (1953), s 276.

[\[6\]](#) Rolv Laache: "Om Eivindvikspresten Niels Dahl", **Historisk Tidsskrift**, (1937-1940), s 330. Normann var prost i Ytre Sogn prosti frå 1819 til 1823, då Dahl overtok.

[\[7\]](#) Ibid, s 331. Jacob Neumann var biskop i Bergens Stift frå 1822 til 1848.

[\[8\]](#) Halkild Nilsen: **Skolestell og folkeopplysningsarbeid i bygdene i Bergens Stift 1800-1850**, (1953) s 53, 271 f.

[\[9\]](#) Ibid. s 272.

[\[10\]](#) Ibid. s 26.

[\[11\]](#) Chr. Holst: **Statistiske Tabeller, Undervisningsvæsenets Tilstand i Norge ved udgangen af Aaret 1837**, (1840)





2. Møtet med prestegjeldet og kyrkjelyden

- [2.1 Eit godt men stridt kall](#)
- [2.2 Prest og kyrkjelyd](#)

Eivindvik prestegjeld låg i Nordre Bergenhus amt like ved munningen av Sognefjorden. Kyrkjeorganisatorisk høynde det inn under Bergens Stift og under Ytre Sogn prosti. Prestegjeldet hadde tre kyrkjesokn. Det var Eivindvik hovudsokn og Brekke undersokn som både låg på sørsida av Sognefjorden, og Husøy undersokn som låg på nordsida.[\[12\]](#)

Prestegjeldet var eit øyrike der omlag 1/2 av arealet var øyar. Ved folketeljinga i 1815 var det 3.583 menneske der. Det var meir enn i noko anna prestegjeld i Sogn prosti som tilsaman hadde ti prestegjeld.[\[13\]](#)

Næringsgrunnlaget var ulikt for ytre og indre delen av prestegjeldet. I ytre delen budde storparten av folket på øyar og hadde fisket som hovudnæringsveg. Det var frå fisket dei skaffa seg kontantar som dei kunne kjøpe naudsynte varer for, og betale skattar med. Jordbruksoppdraget var attåtnæring. På øyane var jordbotnen grunn og mager og det skulle mykje gjødsling og dyrkningsarbeid til for å få nokolunde avling. Dessutan var klimaet ugunstig for korndyrkning. Det var for rått, og sommartemperaturane var gjennomsnittleg så låge at mange kornslag ikkje vart mogne. Det var berre havre og blandkorn som kunne haustast. Såleis var det mest umogeleg å drive lønnsamt jordbruk i ytre delen av prestegjeldet. Folket der tok ikkje sikte på anna enn å dekke hushaldet sitt med jordbruksprodukt.

Men ein skulle ikkje langt inn i fjorden før tilhøva for jordbruksoppdraget var heilt anngleis. I Brekke undersokn var det meir jord å ta av. Jordbotnen var fruktbar dei fleste stader, og klimaet var betre for korndyrkning. I Brekke var det "ret bekvemt for Agerbrug" skriv Jens Kraft.[\[14\]](#) Der var det jorbruksoppdraget folk levde av. Hovudsædeartene i Eivindvik prestegjeld var poteter og havre. I tillegg kom noko blandkorn, men prestegjeldet var ikkje sjølvforsynt med korn.[\[15\]](#)

2.1 Eit godt men stridt kall

Eivindvik prestegjeld var eit godt kall med omsyn til embetsinntektene. I 1827 gav Dahl opp dei visse inntektene sine til 395 spd. og dei uvisse til 290 spd., tilsaman 685 spd.. 1827 var eit år med inntektsår for Dahl avdi han ikkje hadde fått fisketid. Likevel var det berre to sokneprestar i Sogn som kunne vise til større inntekter dette året, det var soknepresten i Leikanger med tilsaman 874 spd. og soknepresten i Lerdal med tilsaman 750 spd. Inntektene i dei andre prestegjeldene var langt mindre. I Jostedalen som var det minste prestegjeldet i Sogn, måtte soknepresten greie seg med berre 172 spd. i visse og uvisse inntekter i 1827. I 1842 gav Dahl opp dei visse og uvisse inntektene til 977 spd., og i 1845 til 1170 spd., derav fisketidene 193 spd.[\[16\]](#)

I det vidstrakte og folkerike prestegjeldet var Dahl åleine om prestetenesta.[\[17\]](#) Som nemt var der tre kyrkjesokn, og dei to undersokna kunne ein berre nå sjøvegen. For å kome til Husøy måtte ein over Sognefjorden, og det kunne vere hardt når haust- og vinterstormane sette inn. Stort enklare var det ikkje å kome til Brekke heller. Då og måtte ein ut i Sognefjorden og inn langs sørsida. Vegen til Brekke gjorde Dahl litt lettare for seg då han på eigen kostnad bygde ein køyreveg, på omlag 3/4 mil., frå Austgulen til Brekke. Då kunne han ta inn Austgul-fjorden med båt, og der var han i smulare sjø.

Framkomstmiddlet Dahl brukte var ein "8 aaret" vengebåt, og til å ro hadde han seks menn. På kyrkjereisene la han bak seg 53 mil om året, skriv han.[\[18\]](#)

I båt måtte han også når han skulle rundt i prestegjeldet i ymse ærend. Det kunne t. d. vere for å inspirere omgangsskulen, for å ta del i jordskiftesaker, eller rett og slett for å helse på folk. Dahl var mykje på farten og kjende godt til kva tilhøve sokneborna levde under, og kva dei sleit med i kvardagen. Han "kjender sin Menighed formedelst flittige Huusbesøg tilgrunde", skriv biskop Neumann om han.[\[19\]](#)

Sidan folketalet var så stort vart det også travelt med ymse kyrkjeloge handlingar, t. d. barnedåp, brudevigslar, gravferd osb.

I 1832 kjende Dahl seg sliten, og han klagar til biskopen over dei harde arbeidstilhøva han har hatt i mange år. I 28

år har han "betjent Eivindvigs Kald, et af de besværligste her i Stiftet", skriv han. Samstundes har han vore prost i Ytre Sogn prosti i snart ni år og har hatt forretningar og embetsreiser i samband med det. Sidan han heller aldri har vore "af særdeles sterk Konstitusjon og Helbredsforfatning", ser han seg no nøydd til å søkje om hjelp. Dahl understrekar at å bli forflytta til eit lettare kall ikkje er noko alternativ for han. Til det kjenner han seg for mykje knytt til Eivindvik prestegjeld, "...til en Menighed og et Sted, hvor jeg allerede har tilbragt mange lykkelige Dage, og nærer Haab om at min Virksomhed som Embedsmand ei har været uden Nytte", skriv han. Han ber om å få ein slektning av seg, "Kandidat i Teologien" Niels Dahl, som kapellan. Dette gjekk i orden. Nokre månader sinare var den unge kandidaten på plass i Eivindvik. Sidan hadde Dahl alltid ein kapellan til å hjelpe seg.[\[20\]](#)

2.2 Prest og kyrkjelyd

Dahl var ein mann som sytte for sokneborna sine både timeleg og åndeleg, og stort sett ser det ut til at han var på god fot med dei. Under ein visitas i Eivindvik kyrkje i 1820, la prost Norman merke til kor godt presten og kyrkjelyden kom utav det med kvarandre. Dahl "...spreder Velsignelse ud til alle Kanter...Præsten og Menigheden leve i bedste Forstaaelse med hinanden", skriv han til biskopen.[\[21\]](#) Han tykte også om Dahl som talar og lærar for ungdomen. Etter visitasen i 1821 skriv han: "Dahl predikede, og Andagten var Kjendelig", og ungdomen som let seg overhøyre "svarede som man her Kunde vente, ret vel". I kyrkja var det fullt til trengsel, skriv prosten.[\[22\]](#) Biskop Pavels meinte han knapt hadde høyrt ein betre kateket enn Dahl. På dette punktet var han utan samanlikning den beste i stiftet, men biskopen hadde høyrt betre predikantar.[\[23\]](#)

[Click here for Picture](#)

Ein kyrkjesøndag i Eivindvik i 1880-åra. Brygga som båtane ligg ved, fekk Dahl mura opp for at kyrkjefolket skulle ha ein trygg stad å leggje båtane sine.

Såleis såg dei overordna på tilhøva, men korleis oppfatta sokneborna presten sin? Kva tykte dei om han? Diverre er det ikkje så mykje å vise til frå denne sida. Bøndene var stort sett ikkje skrivenføre i dei dagar, men eit vitnemål har ein likevel også frå sokneborna si side. Her kjem det fram eit meir nyansert bilet av Dahl.

Den 4. desember 1817, møtte tre bønder frå Eivindvik opp på biskop Pavels sitt kontor i Bergen for å klage på Dahl. Dei meinte han var for dryg med avgiftene på ymse kyrkjelege tenester, men dei var ikkje seine om å føye til at ein betre lærar kunne dei aldri få. "I ingen Henseende kunde de ønske sig en bedre Præst uden i denne ene Sag".[\[24\]](#) Kor høge avgifter han tok kjem ikkje fram, men det høyrer med til historia at Dahl gjekk fri dette klagemålet etter å ha gjort greie for seg hjå biskopen, men det var ei sak som tok hardt på han.

At ikkje alt var idyll mellom Dahl og sokneborna, vitnar også dei ikkje heilt få såkalla æresakene om, mellom han og einskildpersonar frå allmugen. Desse sakene kan ein lese om i forliksprotokollane. Det dreia seg gjerne om at nokon hadde sagt uhøviske ord om presten eller hadde sett ut usanne rykter om han. Oftast var ikkje sakene grovare enn at den skuldige parten kom fri når han møtte i forlikskommisjonene og i kommisjonen sitt påhøyr, trekte det som var sagt attende. Men Mathis Olsen som budde på ein husmannsplass under prestegarden, kom ikkje så lett frå det. Dahl reiste æresak mot han avdi han hadde kome med "usandfærdige aerekrenkende Beskyldninger" mot presten. Han hadde dessutan ikkje vedlikehalde bygningane på plassen ordetleg.. Den 12. Jan. i 1831 møtte han i forlikskommisjonen og forkynnte alt han hadde sagt for dødt og makteslaust, men denne gongen var ikkje det nok. Mathis Olsen vart dømd til å betale 5 spd. til fattigkassa, i tillegg måtte han forlate husmannsplassen på Nyhammerberget innan neste vår.[\[25\]](#)

Men æresakene var på ingen måte representative for tilhøvet mellom presten og bygdfolket. I det store og heile naut Dahl stor vørndnad og respekt hjå sokneborna, og han fann seg gode vene mellom dei minste. Eit døme på dette er det nære venskapet som utvikla seg mellom han og bonden Endre Larsen på (Lille) Vatnøy. Han åtte eit bruk på berre 1 pund og sat i tronge kår. Likevel sette han opp ein stor driftsbygning på bruket sitt etter modell av Dahl sin ladebygning. Denne heimen vitja Dahl ofte og i den den gamle stova på øya, heng det enno eit bilet av han.

[\[12\]](#)

Johan Fr. Lampe: **Bergens Stift biskoper og Præster.**

[\[13\]](#) Sogn prosti vart delt i Ytre og Indre Sogn prosti i 1819.

[\[14\]](#) Jens Kraft: **Det Vestenfjeldske Norge**, Deel 4, 1830, s 741.

[\[15\]](#) Ibid. s 707 ff.

[\[16\]](#) SA. Bergen bispearkiv. Inntektsoppg. for prestane i Bergen Stift for året 1827, prot. 68, og Gulen s.prestarkiv. utg. brev, Inntektsoppg. for Eivindviks Kall for 1842 og 1845.

[\[17\]](#). Kapellaniet i Eivindvik vart nedlagt i 1807 avdi Lavik då vart eige prestegjeld. Lavik hadde høyrt til Eivindvik prestegjeld før.

- [18] SA. Gulen s.prestarkiv, utg. brev, til biskopen, 24.9.1827.
- [19] Rolv Laache: "Om Eivindvikspresten Niels Dahl", Historisk Tidsskrift, (1937-4O), s 320.
- [20] SA. Gulen s.prestark. utg. brev, til biskopen, 5.2.1832.
- [21] Rolv Laache: "Om Eivindvikspresten Niels Dahl", Historisk Tidsskrift, (1937-4O), s 332. Norman var prost i Ytre Sogn prosti frå 1819 til 1823, då Dahl overtok.
- [22] SA. Visitasrap. frå prost Norman til biskopen 1821.
- [23] Claus Pavels: **Dagbøger for Aarene (1817-1822)**, bd.I, 1819, s 521. Pavels var biskop i Bergens Stift frå 1817 til 1822.
- [24] Ibid. s 280.
- [25] SA. Gulen forlikskom., forh.prot. nr. 2.





3. Nytt syn på jordbruksnæringa

- [3.1 Jordbruk og patriotisme i det norske samfunnet](#)
- [3.2 Mønsterbruk, jordbrukslag- og organisasjoner](#)
- [3.3 Patrioten Dahl](#)

Frå sein-middelalderen og fram til midten av 1700-talet var merknatilismen rådande økonomisk politikk i Europa. Dette førte til at handel, skipsfart og industri vart prioriterte næringar, medan jordbruket spela ei sekundær rolle. Det skulle støtte industri- og handelspolitikken ved å levere rimelege matvarer til byborgarane.

Mot midten av 1700-talet snudde dette seg. Frå då av vaks det fram ei ålmenn europeisk rørsle som sette jordbruket i sentrum som næringsveg. Jordbruket var den sikraste næringa å investere i, og var kjelda til all rikdom i samfunnet heitte det då.

England vart eit føregangsland. Alt på slutten av 1600-talet var jordbruksreformene igang, og på 1700-talet kunne landet brødfø ei sterkt aukande folkemengde med eigne jordbruksprodukt.

På kontinentet legg ein først og fremst merke til fysiokratane. Dei utvikla ei ny samfunnsøkonomisk lære, kring 1750, som kom i opposisjon til merkantillismen. Fysiokratane lærde at jordbruket var den einaste produktive næringa, og berre ved å auke utbyttet av jorda kunne ein auke velstanden i samfunnet. Fysiokratismen hadde utgangspunkt i Frankrike kring økonomen, Francois Quesnay.

I Noreg kjenner vi liknande tankar om jordbruket frå same tid. I dette utsegnet av Pontoppidan frå 1759, kjem det klårt fram kvifor jordbruket var meir å satse på enn andre næringsvegar.

"Det Land som er riigt paa Korn, Fæe, og Fede-Vare, besidder unegtelig den allervisste og bestandigste Riigdom, frem for alle andre, thi dets Producter gaaer aldrig af Brug, og dets Kilde er langt vissere at gjøre Regning paa, end om man havde en Guld-eller Sølv-Mine hvilken i et Seculo gjør riig, i det følgende fattig." [\[26\]](#)

Denne heilomvendinga i synet på jordbruket si rolle i samfunnet, hadde truleg ein viss samanheng med dei aukande prisane på jord og jordbruksprodukt som fann stad i Europa frå omkring 1740. Prisstigninga held fram ut hundreåret, og var også sterk i Noreg. Det vart lønnsamt å investere i jord. Prisstigninga hadde m. a. samanheng med den sterke folkeauken i Europa på 1700-talet.

3.1 Jordbruk og patriotisme i det norske samfunnet

Vi har sett at Pontoppidan hadde høge tankar om jordbruket si rolle i samfunnet. Han var ikkje åleine. I siste halvdel av 1700-talet, var det ei vanleg meining hjå dei leiande gruppene, embetsmenn og rike byborgarar, at jordbruket måtte prioriterast framfor andre næringar. Det var fleire grunnar til dette. For det første budde 9/10 av folket på landsbygda og levde av jordbruk. Auka jordbruksproduksjon ville såleis føre til ei alminnelig velstandsauke. For det andre hadde di same tankane om jordbruket som vi har sett ovafor. Det var den sikraste og mest stabile næringa, og fundamentet for ein sterk og sjølvstendig stat. "Agerdyrkning , Landets styrke, deraf velstand vil beroe", heiter det i eit dikt av sorenskrivar Niels Lemback frå denne tida. [\[27\]](#) For det tredje hadde jordbruket ein immateriell verdi. Det var den mest opphavelege og naturlege næringa, som mennesket hadde godt av å vere i kontakt med.

Det var ei vanleg meining i høgare sosiale lag, at det største ein kunne gjere for fedrelandet var å arbeide for framgang i jordbruket. Difor finn ein også embetsmenn og framståande byborgarar som føregangsmenn i jordbruket over heile landet.

Desse mennene var det som vart kalla patriotar, og dei sette pris på det.

Sjølv om dette var ei jorbruksrørsle stod bøndene utanfor. Det var ei overklasserørsle, men det var eit viktig mål for patriotane å kunne påverke bøndene. Det var eit samfunn av "jordbrugende Bønder" dei arbeidde fram mot.

Det viktigaste punktet på patriotane sitt program var å arbeide for sjølvberging med med mat. Då tenkte dei først og fremst på korn, for det var korn landet importerte mest av. Det idéelle var at det einskilde bruk mest mogeleg var sjølvberga, og at overskotet gjekk til byane. Men det viktigaste var at landet totalt sett var sjølvberga. Eit land som ikkje kunne brødfø folket sitt, men måtte importere matvarer, hadde ikkje full sjølvråderett og stod på vaklande føter

meinte dei.

Dette synet fekk vind i segla under og etter Napoleonskrigane, som ramma Noreg med avsperring i åra 1807 - 1814. Avsperringa førte til at Noreg ikkje fekk importere korn, som landet på den tid var svært avhengig av. Dette skapte naud i landet. " den fattige sulted ,den rige led savn, to kraftige arme var ingen til gavn, for døren stod sott og død", skriv Henrik Ibsen om desse åra.[\[28\]](#) Denne situasjonen måtte ein ikkje kome i ein gong til. Ein god patriot, lektor Brømel i Bergen, skriv i 1834:

"Ved intet kunne saalænge fredens gylne dage blive os til deel, Norges mænd og qvinder lægge deres patriotiske tænkemaade mere for dagen, end ved at befordre...agerdyrkningens fremme. Saalænge Norge ei kan brødføde sig selv, men behøver en aarlig indførsel af 7-800,000 tønder fremmede kornvarer, saalænge er dets frihed og uafhængighed ei betrygget".[\[29\]](#)

3.2 Mønsterbruk, jordbrukslag- og organisasjonar

Patriotane meinte at praktiske døme var betre enn mange bøker når bøndene skulle lærast opp i meir rasjonell jordbruksdrift. Difor vart mønsterbruk ei populær pedagogisk form. Embetsmennene rundt om i landdistrikta hadde sine embetsgardar som dei kunne nytte til dette føremålet, og rike byborgarar eigde gjerne jord kring byane som dei dreiv mønstergyldigt. Dei første mønsterbruka høyrer ein om i Drammensområdet i 1761, og kring 1800 fanst det mønsterbruk over heile landet. I første halvdel av 1800-talet tok det til å gå attende med mønsterbruka, men ein og annan embetsmann held fram like til 1850-60 åra. Dahl i Eivindvik var ein av dei siste. Når det gjekk attende med embetsmannene sitt engasjement på jordbruksområdet mot midten av 1800-talet, hang det saman med at bøndene no fekk opplæring i jordbruksdrift på anna hald, t.d. var det kome jordbrukskular. Den første jordbrukskulen kom i 1825.

Mønsterbruka tydde først og fremst noko for bygda og nærområda der dei låg. Patriotane kjende snart trong for å nå lengre ut med ideane og tiltaka sine, og dei tok til å organisere seg etter mønster av **Det Kgl. Danske Landhuusholdningsselskap**. Dette selskapet vart stifta i 1769, og arbeidde også for framgang i det norske jordbruket.

I 1773 vart det første norske jordbrukslaget stifta, det var **Det Søndmørske praktiske Landhuusholdningsselskap**. I 1774 kom **Landhuusholdningsselskabet for Bergens Stift**, seinare omdøpt til **Det Nyttige Selskap**. I 1776 kom det ei rad selskap og ved midten av 1780-åra finn ein patriotiske selskap over heile Sør-Noreg.

Selskapa nådde bøndene dels gjennom små skrifter som dei distribuerte, og dels ved premieutdeling. Det siste var det viktigaste verkemiddelet. Det vart delt ut premiar for t.d. grøfting, nydyrkning, godt gjødselstell, bygging av steinfjøs og steingjerder og jordskifte. Patriotane gjekk sterkt inn for å få slutt på teigblandinga, og dei stod sentralt i arbeidet med å få igjennom den første jordskiftelova i 1821.

Storleiken på premiane varierte alt etter innsatsen som skulle premierast, og selskapa si økonomiske evne. Dei fleste premiane låg mellom 5 og 15 spd., men for ekstra stor innsats kunne ein få 20 til 25 spd.. For 25 spd. kunne ein kjøpe tre kyr.

Landhushaldningsselskapa vart både stifta og drivne av embetsmenn, rike byborgarar og proprietærar. Desse gruppene utgjorde også medlemstalet som difor alltid var lite. **Det Romsdalske patriotiske Landhuusholdningsselskap** starta med 44 medlemmar i 1776. I 1796 var medlamstalet 56. Sjølv om kontingensten var stor, hadde selskapa liten økonomisk evne. Det vart tungt å drive og entusiasmen minka etter kvart. Alt før 1800 var mange av desse laga borte.

I 1809 vart **Det Kgl. Selskab for Norges Vel** stifta i Christiania. Stiftinga var eit utslag av den patriotiske stemninga som rådde under kirgen. Selskapet var landsomfattande. Gjennom underavdelingar, distriktskommisjonar og sokneselskap, nådde det ut til alle kantar av landet med bodskapen sin. Selskapet hadde opprinnleig eit omfattande program, men jordbruket var "det allerviktigste", sa professor Rostad i 1812.[\[30\]](#) I 1829 vart Selskapet omorganisert og etter den tid var det berre arbeid for framgang i jordbruket som stod på programmet.

I motsetnad til landhushaldningsselskapa hadde Norges Vel eit stort medlemstal og bra kapital. I 1813 var medlemstalet 2652 og i 1814, 2668. Innkoma av årspengane var i 1814, 13112 rdl.[\[31\]](#) Med så store årsinnkomer kunne selskapet yte lån og gje løyvingar til nyttige prosjekt. Underavdelingane, som hadde rett på ein viss del av medlemskontingensten, dreiv med utdeling av oppmuntringspremiar på same måten som landhushaldningsselskapa hadde gjort. Bøndene vart også orienterte om nyttige jordbrukstiltak gjennom møteverksemid i sokneselskapa. Selskapet hadde sitt eige blad, Budstikken.

Åkerproduksjonen i det norske jordbruket auka med omlag ei firdobling frå 1809 til 1855. For første gong i historia hadde åkerproduksjonen auka meir enn folketilveksten.[\[32\]](#) Den store framgangen i jordbruket i desse åra, må patriotane få mykje av æra for.

3.3 Patrioten Dahl

Dahl var patriot både i tanke og gjerning. I ein samtal han hadde med biskop Pavels i Eivindvik i 1820, gjev han klårt uttrykk for sjølvbergingsidealet. Pavels skriv:

"Dahl vil have alle udenlandske Varer, der i nogen Maade kunne henføres til Lucqusartikler ved næste Storting forbudne eller belagte med høi Told. Endog Korntilførselen vil han have indskrænket, da han troer... man derved vilde opmuntres til en flittigere og bedre Agerdyrkning".[\[33\]](#)

Same gongen får vi eit døme på korleis han vurderar jordbrukskulturen i høve til fisket som var hovudnæringsa for dei fleste i ytre delen av prestegjeldet. Her viser Dahl patriotisk urelaisme:

"... det kunde være ret godt", seier han, "at den rigelige Sildefangst forminskedes eller endog ophørte, saa at Bønderne, som nu ei have Sands for andet end deres Fiskerier, bleve nødt til at vende tilbake til deres Jord, der vilde aabne dem en sikkere Nærings- og Velstandskilde end Havet".[\[34\]](#)

Det var eit paradoks at Dahl kunne seie dette, for i naudsåra hadde han opplevd korleis folket i prestegjeldet hadde greidd seg nettopp avdi dei hadde silda og fisken. Dessutan låg det mykje betre tilrette for fiske enn for jordbruk i største delen av Eivindvik prestegjeld.

Dahl engasjerte seg på alle felt som kunne tene jordbrukskulturen. Han var medlem av Norges Vel og betalte 2 spd. for året i kontingen. Han hadde også mykje kontakt med det Det Nyttige Selskap i Bergen. Han var både korresponderande medlem og ærestmedlem av selskapet. Frå 1811 til 1831 var han leiar av sokneselskapet i Eivindvik prestegjeld. Det har ikkje vore mogeleg å finne selskapet sitt arkiv, som sikkert kunne gjeve nyttige opplysningar om jordbrukskulturen i prestegjeldet.

Det var likevel først og fremst praktiske tiltak Dahl gjekk inn for. Gjennom mönsterbrukdrift og jordskifte fekk han lagt eit grunnlag for framgang i jordbrukskulturen i prestegjeldet.

[\[26\]](#)

Knut L. Espelid: **Til Medborgernes Sande Vel**, 1974, s 12. Frå Pontoppidans "Oeconomiske Balance".

[\[27\]](#) Stein Tveite: **Jord og Gjerning**, 1959, s 110.

[\[28\]](#) Henrik Ibsen: Terje Vigen.

[\[29\]](#) Stein Tveite: **Jord og Gjerning**, 1959, s. 111.

[\[30\]](#) Stein Tveite: **Jord og Gjerning**, 1959, s. 125.

[\[31\]](#) Jens Lunde: **Sogn og Fjordane Landbrukselskap (1857-1957)**, 1957, s. 20.

[\[32\]](#) Fritz Hodne: **Norges økonomiske historie 1814-1970**, s. 61.

[\[33\]](#) Claus Pavels: **Dagbøger for Aarene (1817-1822)**, bd.II, s 34.

[\[34\]](#) Ibid. s 34.





4. Frå ussel prestegard til mønster bruk

- [4.1 Prestegarden og jordbruksstilhøva](#)
- [4.2 Dyrkningsarbeidet](#)
- [4.3 Kostnadene](#)
- [4.4 Avling og dyrehald](#)
- [4.5 Den nye byggjeskikken](#)
- [4.6 Bygningane på prestegarden](#)
- [4.7 Konklusjon](#)
- [4.8 Samtidsvitne om mønsterbruket i Eivindvik](#)
- [4.9 Eivindvig](#)

Straks etter at Dahl overtok som sokneprest i Eivindvik prestegjeld og fekk rådvelde over embetsgarden, sette han i gang med eit omfattande dyrkningsarbeid som på få år, gjorde den usle prestegarden om til eit mønsterbruk som jamvel dei fremste jordbruksmenn på den tid, måtte ta hatten av for. Han nytta også prestegarden til å syne fram ein meir praktisk og vedlikehaldsfri byggjeskikk enn den som rådde i prestegjeldet.

Mellom anna nytta han mykje gråstein til bygningsmaterial.

Det overordna målet Dahl hadde med alt arbeidet på prestegarden, anten det galdt dyrkningsarbeid eller husbygging, var å lære opp bøndene og samstundes oppmunstre dei til å setje i gang med liknande arbeid på sine eigne bruk. Dette kjem mellom anna fram i eit brev han skreiv i 1830:

"Forbedringene...har tillige været Gjenstand for mine ivrigste Bestrebeler ved Veiledning og Opmuntring at formaae Omegnens jordbrugende Bønder til paa egne, dels Eiendoms, dels Bygselgaarde at følge dette Exempel i efter Evne at udføre lignende Forbedringer".[\[35\]](#)

Dette kapitlet omhandlar det som skjedde på embetsgarden i Eivindvik i Dahl si tid. Kva dyrkningsarbeid dreiv han med? Kor omfattande var arbeidet, og fekk han bøndene med seg? Dette er nokre av spørsmåla som vert drøfta.

4.1 Prestegarden og jordbruksstilhøva

Prestegarden i Eivindvik var på 1 2/3 laup og hadde to husmannsplassar under seg i 1808. Det var ein stor gard i høve til vanlege bruk i prestegjeldet, som i gjennomsnittleg storlek var i underkant av 1/2 laup. Men mykje var u gjort på prestegarden. Dyrkbar mark låg udyrka, og vass-sjuk jord hindra avlinga andre stadar. I det heile var garden temmeleg vanskjøtta då Dahl tok over sokneprestembetet. Drifta låg nede, og mange av bygningane var reint til nedfalls. Dette hang saman med at Dresing, som var sokneprest før Dahl, hadde vore sjuk i mange år etter ein nervefeber, og hadde difor ikkje makta alle oppgåvene som høyrd han til. Embetsgarden var på ingen måte i den stand han skulle vere frå prest til prest. Det var så ille at Dahl vart tilkjend erstatning. I ein ekstrarett i Eivindvik i 1809, vart presteenkja dømd til å betale ei åbot på 294 rd. og allmugen 143 rd., til Dahl, for vanhalde bruk og bygningar.[\[36\]](#)

Til dette kom at tilhøva for jordbruksdrift var därlege frå naturen si side også i Eivindvik prestegjeld. Aller därlegast var det i hovudsokna som omfatta ytre delen av prestegjeldet. Etter Jens Kraft si mening, var hovudsokna "...med sit bjergfulde Terrein, sit fugtige Klima og lidet frugtbare Jordbund", den staden i heile Sogn som eigna seg minst for åkerbruk.[\[37\]](#)

Den magre jordbotnen som for ein stor del var av sand, aur og sur myrjord, trong mykje gjødsel for å gje ordentleg avkastning, og det baud på vanskars i ei tid då gjødsel var mangelvare. Det var dessutan knapt om jord mange stadar. I tillegg til dette kom at det fuktige klimaet og den låge sommartemperaturen gjorde tilhøva for korndyrkning svært vanskelege. Det var berre dei mest hardføre kornslaga, havre og blandkorn som vart mogne i hovudsokna. Bygg, rug og kveite var det ikkje vilkår for. Hovudutsæden i prestegjeldet var havre.

Dei därlege tilhøva for åkerbruket kom til syne i avlinga. Av poteter avla ein i Eivindvik hovudsokn 8-10 foll medan den gjennomsnittlege avlinga elles i Sogn var 10-12 foll og i mange bygder meir.

Av blandkorn avla ein i Eivindvik hovudsokn 4-6 foll medan gjennomsnittet for Sognebygdene elles var 6-8 foll av dette kornslaget.[\[38\]](#)

For husdyrbruk var det heller ikkje gode vilkår i hovudsokna, først og fremst avdi sommarbeita var dårlege. Beitemarka var for knapp til den store buskapen som var vanleg den tida, og graset var lite kraftfullt. Buskapen tok seg difor ikkje heilt inn etter svelteforinga om vinteren, i motsetning til der ein hadde gode beite og stølsmarker. Dette gav seg utslag i avdrotten. Slaktekveget var mindre i Eivindvik hovudsokn enn andre stadar i Sogn, og kua mjølka mindre. Jens Kraft skriv i 1830:

"Naar man i andre Egne regner Afdrotten i Smør af een Koe til 2 eller 3 Bpd. som Sommeren, faaer man i Eivindvigs Hovedsogn neppe 1 Bpd".[\[39\]](#)

Det var med andre ord tungt å drive jordbruk i Eivindvik hovudsokn, men Dahl fekk det likevel til. Jens Kraft skriv: "... Hvad i midlertid ogsaa i denne Egn Flid og Skjønsomhed i Jordbruget kan udrette, til Trods for en ublid Natur, det beviser Eivindvigs Præstegaard, som af nærverende Sogneprest...Dahl, dog ikke uden megen Bekostning, er bragt til at blive et Mønster paa et ordentlig drevet Landbrug".[\[40\]](#)

Ein kan undrast på kvifor ein mann med slike jordbruksinteresser som Dahl, slo seg ned i Eivindvik prestegjeld. Kvifor valde han ikkje heller ein stad der jordbruket hadde betre vilkår, og der han kunne oppnå større resultat med mykje mindre innsats?

Svaret er truleg at han såg det som ei oppgåve å kunne vise både bønder og andre at jorbruket også kunne bløme i karrige områder som Eivindvik prestegjeld. I eit brev han skreiv til Det Nyttige Selskab i 1823 kjem det fram kor viktig han syntest jordbruksarbeid var nettopp i desse områda:

"Hvad Norge i Almindelighed og Bergens Stift især vilde vorde om dets øde, døde og kolde Jord af Fædrenelandskierlige, øvede og virksomme Hænder blev rettelig bearbeydet, har jeg kun Efter mine indskräenkede Indsigter, Evner og Embeds Stilling søgt at viise".

Han skriv vidare at det burde vere det "høyeste Maal for alle i dette Samfunds oplyste og formuede sande Fædrenelands Venner"[\[41\]](#) å gjere det same som han.

4.2 Dyrkningsarbeidet

Den 17. august 1818, vart det halde syns- og takstforretning på prestegarden i Eivindvik etter oppmoding frå Dahl som også betalte forretninga. Ein fullstendig rett var tilstades, sorenskrivaren og fire skjønsmenn, og oppdraget deira var å vurdere og å taksere det arbeidet som var utført på prestegarden i Dahl si tid som sokneprest. To av skjønsmennene var frå Eivindvik. Det var Iver Anderssen, Henriksbø, og Ole Ottesen, Henriksbø. Dessutan vart det kalla inn vitne, eldre menn frå Eivindvik, som kjende tilhøva på prestegarden både før og etter at Dahl vart sokneprest. Forretninga er såleis ei påliteleg kjelde.[\[42\]](#)

Vi får vite at Dahl dreiv både nydyrkning og oppdyrkningsarbeid og at han la stor vekt på ordentleg grøfting og gjødselstell. Vitna var samde om dette:

"... siden Presten Dahl kom til at boe her i Eivindvig, er saavel Bøen, som Agrene betydelig forbedret da mange nye Stykker ere opbrudte og kostbare Holveite tilvejebragte, for at udtrekke Vandet fra de sumpige Steder".[\[43\]](#)

"Holveitene" det her er snakk om var store steinsette grøfter, 2 - 2 1/2 alne breide og 2 - 3 alne djupe. Dei to skjønsmennene frå Eivindvik hadde båe vore med på grøftingsarbeidet på prestegarden, og kunne gå god for dei veldige dimensjonane.

Utgroftinga av ei stor myr på prestegarden, og dei resultat dette arbeidet hadde gjeve, gjorde sterkt inntrykk på biskop Neumann då han vitja Eivindvik i 1823. I dette arbeidet hadde Dahl reint "trodset Naturen" , meinte biskopen. Han skriv:

"Prestegaardens hele, ikke store, Mark bestaar af en eneste Myr, til hvilken Vandet strømmer ned paa alle Sider fra de omkringliggende Høider og Fjelde. Denne Mark var, om ikke megen Anstrengelse kom til, aldeles tabt for Agerbruget. Men Dahl har trodset Naturen. Han har i alle Retninger, hvor det kunne tjene til Øiemedet, bygget steensatte - jeg tør neppe kalde det Grøfter, Men Canaler, indtil paa 2 1/2 Alens Høide og Bredde, der optage det overflødige Vand, og føre det ud i Søen. Hans Myr er saaledes vandfri, og bærer den rigeste Afgrøde, indtil 15 Fold Havre og 20 Fold Potatos".[\[44\]](#)

Dette var svært høge foll-tal samanlikna med Jens Kraft sine tal. Han rekna gjennomsnittleg 4-6 foll havre og 8-10 foll poteter i Eivindvik hovudsokn.[\[45\]](#) Men det er grunn til å lite på biskop Neumann sine ord. Han var ein mann med innsikt i jordbruk, og hadde sjølv drive mønsterbruk den tida han var prest i Asker. Det er interessant å leggje merke til at Dahl var mest like god som den kjende føregangsmannen J. Collett på Ullevål. Ved hjelp av gjødsling og jordblanding tok han opptil 20 foll.[\[46\]](#)

Dahl syntest det var reint ille når dyrkbar mark låg udyrka.

På ein part av prestegarden som vart kalla Næsset, sette han i gang det første store nydyrkningsarbeidet sitt. Området

var nærmast utmark før han byrja arbeidet der, men i 1817 fødde han på Næsset: 9 kyr, 1 hest, 10 sauер og 2 bukkar, samt avla 12 tønner havre.[\[47\]](#) Dahl fekk bygsel- og bruksrett til Næsset i 1818.[\[48\]](#) For å utvide det dyrka arealet, vart dei berre kanusane dekte med jord og sådde til. Jordha vart henta frå utmarka eller andre stader der ho fanst. Eit anna felt der Dahl syntest han hadde mykje å lære bøndene, var om gjødselstell og utnytting av gjødselen. På mange gardar vart gjødselen teken lite hand om. Møkkhaugane låg gjerne ute under open himmel heile vinteren og var heilt kraftlause når våren kom. På prestegarden vart det bygd mura gjødselkjellarar under alle større fjøsbygninga, og under hovudfjøsen som stod på pålar, vart det laga kompost "etter meget riktig anvendte Regler", skriv Neumann.[\[49\]](#) Han la også merke til korleis Dahl utnytta "gjødselvandet":

"lang Gjerderne ere i en vis afstand fra hinanden smaa Fæhusse anlagte, i hvilke Qveget vexelvis flyttes, paa det at de underliggende Jorder kunne nyde godt af Gjødnings:Saferne".[\[50\]](#)

Kring prestegarden vart det sett opp ein svær steingard. I 1817 målte takstmennene han til 229 famner, i 1824 målte han 520 famner, og til slutt omlag 800 famner, eller 1.5 km. Han er 2 1/2 alne brei og nesten 3 alne høg.

Steingarden er av dei få synlege merke som framleis minner om Dahl sitt storverk på prestegarden i Eivindvik.

Med denne solide steingarden såg Dahl to viktige føremoner. For det første sparade han på skogen som alt var overbeskatta, og for det andre sparade han bryet og kostnadane med vedlikehald. Han understrekar dette i eit brev til stiftsdireksjonen i 1824:

"...og desforuden aarlig bespare Skoven og sig selv for den uflyselige Mængde Gjerdsel, der udfordres til 520 Favne Gjerdsaaat vedligeholdes omkring hele Prestegaarden, hvortil dens Skov hidtil i min Formands tid har været saa medtagen at nu neppe findes den fornødne Brendsel".[\[51\]](#)

Det store arbeidet Dahl hadde utført på prestegarden dei første ti åra av si embetstid, vart lagt merke til. Etter oppmading frå amtmann Falsen vart han i oktober 1818, utmend til æresmedlem av Det Nyttige Selskab for de "Forbedringer han med temmelig Opofrelse", hadde utført på embetsgarden.[\[52\]](#) [click here for Picture](#) *Eit glimt av steingarden kring prestegarden*

4.3 Kostnadene

Lagretten gjekk rundt på prestegarden og på Næsset, såg på arbeidet som var utført, og verdsette det:

"A. Steengjerdet som indhegner Prestegaardens hele Hjemmebøe, udgjør 229 Famner i Lengde, og imellom 2 a 2 1/2 Alnes Høide, i Grunden 2 Alen og oventil vel 1 1/2 Alen tyk, samt glat eller blank paa begge sider, hvis Famn beregnet til 2 Spd naar Steenen er fremkjørt til Stedet, og anslaes hele Steengjerdet med Fremkjørelsen for Tiden at ville Koste...500 Spd.

B. Paa Næsset 4 nye Agerstykker hvis Oprydning ansees at vilde Koste med de til Jordveiens Forbedring fornødne og steendekte Holveiter, og Jordveiens hele Forbedring...2500 Spd.

C. Store Ageren paa Prestegaarden, med Holveiter og Bleikevolds-Weiten, hvoraf Holveiten gaar fra den nye Koeflor, indunder Stor-Ageren, dettes Opbrydning og Arbeide med Jordveies Forbedring...5000 Spd.

D. Lien og Krosteigen, med de derpaa værende Agrer og Holveiter paa Bøen, og Jordveiens Forbedring, Arbeidet taqceret...2000 Spd.

E. Mons-Verket, med nye opbrudte Agrer og Holveiter til denne Jordveis Forbedring, Arbeidet taqseret for...3000 Spd.

Siger Treten Tusinde norske Specidaler Tilsammen for Jordforbedringer... 13000 Spd."

Dette var svære kostnader, og endå hadde Dahl i tillegg lagt ut over 3000 spd. på bygningane på prestegarden fram til 1817. Han hadde også hatt ander utgifter til dømes på skulestellet, i same tidsrom. Dahl hadde gode embetsinntekter, jamt over kring 1000 spd. for året,[\[53\]](#) men det var ikkje nok til å finansiere alt dette. Om han hadde formue for stå som eit ope spørsmål, men det er ikkje urimeleg at han hadde det. Han kom frå ei velståande embetsmanns-slekt, men nok pengar hadde han i alle høve ikkje. Han var ofte i pengeknipe. Alt i 1808 lånte han 300 spd. av lensmann Ringereide med pant i hus som han åtte.[\[54\]](#) I 1825 lånte han 900 spd. av Opplysningsvesenets Fond til oppføring av ny hovudbygning på prestegarden.[\[55\]](#) Frå tid til annan selde han også av eigne hus for å greie utgiftene sine. Då buet etter han vart oppgjort, syntet det seg at han hadde ei gjeld på over 3000 spd.[\[56\]](#)

4.4 Avling og dyrehald

Utviklinga i avling og dyrehald gjev eit godt bilet av dyrknings- og nybrotsarbeidet som gjekk føre seg på prestegarden. Tala for året 1807 viser avling og dyrehald på garden før Dahl si tid. Tala for åra 1807 og 1817 er

henta frå syns- og takstforretninga på prestegarden, 17. aug. 1818, medan tala for 1827 og 1843 er henta frå oppgåver Dahl sende til biskopen over avling/utsæd og dyrehald på embetsgarden. Som nemt fekk Dahl bygsel- og bruksrett til Næsset som var ein part av prestegarden, i 1818. Truleg er difor Næsset halde utanom i oppgåvene for 1827 og 1843. Tala for 1846 er henta frå "Inberetning" til amtmannen. Denne oppgåva omfattar også Næsset. Det går fram av "Inderetningen".

År 1807, avling: 25-30 tø. havre, poteter ?, 30 kyr. 30 sauher, 20 geit og 2 hestar.

År 1817, avling på prestegaren: 70 tø. havre, 50 tø. poteter, 23 kyr, 50 sauher, 40 geit og 4 hestar.

På Næsset: 12 tø. havre, poteter? 9 kyr, 10 sauher, 2 bukkar og 1 hest.

År 1827, avling: 80 tø. havre, 70-80 tø. poteter, 40 kyr, 80-90 småfe og 2 hestar.

År 1843, utsæd: 14-16 tø. havre, 12 tø. poteter, 40 kyr, 150 småfe og 3 hestar.

År 1846, utsæd: 20 3/4 tø. havre, 15 1/2 tø. poteter, 39 kyr, 168 sauher, 68 geit og 4 hestar.[\[57\]](#)

Sjølv om jordbrukstilhøva var mykje betre lengre inne i Sognefjorden enn i Eivindvik, var avlinga og husdyrhaldet på prestegarden der langt større enn på andre prestegardar i Sogn. Ei oppgåve frå 1827 syner desse tala: Lavik prestegard, 28-30 tø. havre og 20-30 tø. poteter, 16 kyr, 30 sauher og 1 hest. Leikanger prestegard, 25 tø. bygg, 8 tø. rug, 20 tø. poteter, 14 kyr, 24 sauher og 2 hestar. Vik prestegard, 30 tø. bygg, 150 tø. poteter, 18 kyr, 20 sauher og 2 hestar. (Det var svært gode vilkår for potetdyrkning i Vik).[\[58\]](#) Når ein skal samanlikne, må ein ha i tankane at oppgåva for prestegarden i Eivindvik for året 1827 ikkje omfatta heile prestegarden. Næsset var utanom.

Ikkje uventa auka både avling og dyrehald sterkest dei første ti åra. Kornavlinga auka frå 25-30 tø. til 82 tø., i tillegg kom 50 tø. poteter. Oppgåva for 1807 er taus om potetavlinga på prestegarden. Det kan tyde på at det var smått med potetavlinga. I 1808 var det gjennomsnittlege potetutsædet på brukta i hovudsokna, knapt 1/4 tø., medan havreutsædet var omlag 2.5 tø.[\[59\]](#) I Eivindvik prestegeld som andre stadar, var det naudsåra som sette fart i potetdyrkninga. Husdyrhaldet auka med stort og smått, frå 82 dyr i 1807 til 135 i 1817. Naturelg nok var det sauhealdet som auka mest, då sauene kunne gå ute å beite det meste av året. Den store buskapen fødde Dahl stort sett med høy som han hadde avla på garden. Presten hadde "ikke lynget betydelig" opplyser skjønsmannene i 1818.

Dersom ein ser på skildnaden i avling og dyrehald mellom 1807 og 1846, får ein eit bilet av Dahl sitt livsverk på prestegarden. Det er ikkje mogeleg å kome fram til sikre tal, då ein ikkje veit kor mange foll som vart teke opp på prestegarden. Biskop Neumann skriv at Dahl tok opp 15 foll havre og 20 foll poteter i den myra han hadde grøfta ut og dyrka opp. Truleg var ikkje avlinga like stor på heile prestegarden, men dersom ein nyttar desse tala får ein ei avling på over 300 tø. både i havre og i poteter, i 1846.

Nyttar ein Jens Kraft sine gjennomsnitttal for hovudsokna som var 4-6 foll havre og 8-10 foll poteter, vert avlinga på prestegarden 83-124 1/4 tø. havre og 124-155 tø. poteter i 1846. Truleg er dei site tala for låge då ein må rekne med at det gode odlingsarbeidet og gjødslinga på prestegarden gav høgare foll en gjennomsnittet. Kanskje var det noko midt imellom som var rett. Men i alle høve er det tale om ein svær auke i avlinga mellom 1807 og 1846. Talet på husdyr auka i same tidsrommet, frå 82 til 279 dyr.

I 1846 hadde 36 menneske hushaldet sitt i prestegarden. Av desse var 12 faste tenestefolk som trongst for å halde den daglege drifta i gang. Dahl hadde likevel stort overskot å selje av. Han tente mest på husdyr og husdyrprodukt. Han gav opp at han jamt over hadde 100 spd. i netto overskot av gardsdrifta.[\[60\]](#)

I 1846 var det også 7 husmannsplassar under prestegarden, mot 2 då Dahl overtok. Det budde 38 menneske på plassane, og det samla utsædet var, 18 tø. havre og 14 tø. poteter. Det kan verke underleg at utsædet på plassane var mest like stort som på prestegarden. Det må tyde at plassane var store, og at husmennene hadde lært mykje av Dahl.[\[61\]](#)

4.5 Den nye byggjeskikken

Dahl var lite nøgd med den byggjeskikken som rådde i prestegjeldet då han kom dit. Bøndene bygde både därleg og upraktisk. Det var smått stell med grunnmurar under husa, og på bordkledningen var det eit slag spon som trekte til seg væte. Det var også for mange små hus på gardane. Dette førte til at velikehaldsutgiftene vart store. Den einskilde bonde måtte jamt over ut med 7 spd. årleg til vedlikehald. Det kjendest som ei tyngjande bør.[\[62\]](#)

I eit brev til amtmannen i 1824 kjem han inn på byggjeskikken i prestegjeldet: På bruk som berre var på 1/2 laup var det vanleg å finne ikkje mindre enn 8-10 "ubrugelige Bønderhuse", skriv han, "byggdede isolerede paa krys og tvers, med 16 a 20 Gavler og lige saa mange Langsider, opførte av Tømmer eller Bordklædning, hvilken sidste er næsten altid Bord med Saugspoune paa, der opfanger denne Egns Fugtighed".[\[63\]](#) Her går det fram at det ikkje var vanleg å nytte gråstein som bygningsmaterial i prestegjeldet på den tid. Det var tømmer eller bordkledning som vart nytta også til uthus. Dette kan vere forklaringa på kvifor Dahl leigde folk frå Nordhordland til å mure opp husmurar på prestegarden dei første åra han var sokneprest. Truleg var det avdi han ikkje fann fagfolk på dette området i prestegjeldet. (Vedlegg I syner meir om både gammal og ny byggjeskikk i prestegjeldet)

Han var heller ikkje nøgd med taktekket som var never og torv. Dette grunngav han med at never berre låg i knapt 20 år medan teglstein som han ville ha, låg i 100 år og innkjøpskostnadene var omlag dei same. Han skriv at "1 vog Birkebark eller Næver" kosta 1/2 spd.. For same summen fekk ein også 26 stk. teglstein. På taket kom ein like langt med 26 stk. teglstein som med 1 vog never.[\[64\]](#) Då teglsteinstaka låg så mykje lengre enn nevertaka, verka det innlysende at det svarte seg med teglsteininstak i lengda. Men det han ikkje nemner noko om er korleis det kunne gå med teglsteinen når vinterstormane sette inn. Kanskje vart det ikkje så rimeleg likevel.

Dahl gjekk inn for "en mere besparende og hensigtsmessig Bygningsmåde. I Skovløse Egne, som her", skriv han,[\[65\]](#) var gråsteinen ein ressurs som måtte nyttast meir til bygningsmaterial. Den lagdelede gråsteinen som det fanst så mykje av i området, eigna seg godt både til grunnmurar og til heile veggjar. Det beste var om heile uthusbygningane kunne oppførast i stein. Han ville også ha ferre men større hus på gardane. Det vart rimelegare med omsyn til vedlikehaldet og meir praktisk. Ein kunne då samle meir under eit tak, t. d. buskap og fôr.

Han kjem så med døme på sin bygningsmodell - eit stovehus og ein ladebygning. Samstundes viser han skildnaden i byggjekostnadane mellom gammal og ny byggjeskikk:

Stovehuset skulle ha to høgder med "grundmuret Kjælder under der Melken om Sommeren kunne for en stor Deel forvares". I eit hus på "14 Alens Længde og 10 Alens Bredde", meinte han å kunne samle 5 småhus: "Sætestue, Ildstue, Sengebod, Ildhus og Stavbur". Dahl sette opp eit reknestykke der han samanliknar byggjekostnadene etter sin modell med kostnadene ved å setje opp 5 småhus. Han kom til at stovehuset kosta 164 spd. og 2 ort, medan dei 5 småhusa bygde på gamlemåten, med därleg bordkledning og "Birkebark -tak", kosta 335 spd. (sjå vedlegg). I tillegg kom at stovehuset trond mindre vedlikehald og stod i 100 år, medan småhusa bygde på gamlemåten var til nedfals etter 50 år sjølv med mykje vedlikehald, skriv han.[\[66\]](#)

"End mère i øynefallende vil Besparelsen være med Ladebygningen" skriv Dahl. Her kunne han vise til store både økonomiske og praktiske føremoner. I ein bygning på "30 Alnes Længde og 10 Alnes Bredde", ville han samle både "Lade, Kofjøs, Faarefjøs, Gjedefjøs, Hestestald og Grisehus...under eet Tag, med langt større Nutte og Beqvemmelighet alle Kreaturer og Gaardens Avling kan finnes". Det skulle også vere kjellar under golvet "hvorigjennom Gjødselen bør falde", skriv han. Kunne heile ladebygningen oppførast av stein, vann ein mykje på det. Då var "med halv Bekostning flere Sekler hen bygget for alle Efterkommere", skriv Dahl. [\[67\]](#)

4.6 Bygningane på prestegarden

Prestegarden vart snart ein stad der ein kunne sjå god byggjeskikk. Som nemt var mange bygningane i därleg stand då Dahl overtok sokneprestembetet. Det vart difor mykje reparasjonsarbeid dei første åra. Snart måtte han også til med utviding av driftsbygningane for å få plass til den auka avlinga og dei talrike husdyra. Han bygde også fleire nye driftsbygningane og sette opp ny hovudbygning.

På prestegarden i Eivindvik kunne takstmennene telje 29 hus i 1818. Det var:

1. Hus som allmugen skulle vedlikehalde: "Borgestuen, Herrestuen og Hestestalden", i alt 3 hus.
2. Hus som prest etter prest skulle vedlikehalde: "Daglig-Stue-Bygningen, Ildhuset, Høeladen, Koefloeren, Smalehuset, Geedehuset, 2 Baadnøst, 2 Søeboder og Smedjen", i alt 11 hus.
3. Hus som presten eigde: "Lille Floren, et Qvernhus, en Smaleflor, 2 Hestestalder, et Baadnøst, et Stavbuhr, en Vedskygge, en Vaarfloer, 3 Huusmands=Stuer, en Koefloer, en Høelade og et Kalvehuus", i alt 15 hus.[\[68\]](#)

Det var altså 26 hus Dahl hadde vedlikehaldsansvar for. Takstmennene kom til at han fram til 1818, hadde lagt ut 2030 spd. på sine eigne hus, og 1022 spd. på dei husa han skulle vedlikehalde som prest. Dahl hadde ikkje makta å ordne alle bygningane på prestegarden på desse åra, men han hadde gjort mykje. Takstmennene kom til at bygningane var i god stand og fleire var i "fuldkommen god Stand". Det var berre småting dei kunne setje fingeren på.

Då takstmennene var på garden i 1818, hadde Dahl alt fått sett opp fleire fjøsbygningane på prestegarden. Det var den nye byggjeskikken takstmennene her fekk sjå. På nybrotet på Næsset stod denne fjøs- og ladebygningen:

"En Koefloer, hvis Vægger paa alle 4re Sider ere opmurede af bare Steen med 10 Baaser. Nedenunder en Grundmuret Kjelder, Muren overalt 2 1/4 Alen tyk, 9 Alen høi, 13 Alen bred og 16 Alen lang, med Floer og Kjelder iberegnet, med Høeloft oven over af tømmer=Værk, ganske nyt under Teglstens Tag, med tilbygget Korn Lade, ligeledes under Teglstens Tag, Kornladen af Stavværk, 10 Alen lang og 13 Alen bred. Muren paa Koefloren og Kjelderne kalkslaaet ud og invendig. Floeren forsynet med 3 Fag gode vinduer. Hele Bygningen med Korn Laden ganske nye. Og blev alt tilsammen taxeret 1450 spd."[\[69\]](#)

Fjøs- og ladebygningen på Nesset var Dahl sin private eigedom, men han stelte like godt med dei bygningane som høyrd kallet til. Nedafor får vi sjå korleis hovudfjøsbygningen på prestegarden såg ut etter ombygginga. Bygningen var ikkje heilt ferdig i 1818, men då biskop Neumann vitja Eivindvik i 1823, var alt på plass. Det var mellom pålane i denne fjøsbygningen det vart laga kompost.

"Koefloeren ganske Nye, under Teglsteens Tag, med 5 store 5 Alens høie Steenmurer... paa hver Side under, der hver vare 2 Alen brede i 4 Kant under. I hvilken Koeflore var 22 Baaser. Staaer under Arbeid...For Døren fandtes fast en god Jern Laas. Bygningen er 24 1/2 Alen lang, 1O 1/2 Alen bred, og 3 1/2 Alen høi under Lemmen fra Muren af. I denne Bygning skal blive 2=Fag Vinduer paa hver Side og skal den bordkledes...i denne bygning er indrettet et Høeloft som rummer alt det Høe som avles paa Prestegaarden". Den nye fjøs- og ladebygningen vart taksert til å vere verdt 1000 spd. meir enn den gamle.[\[70\]](#)

Kring 1814 fekk Dahl sett opp eit våningshus i Fonnevik, ikkje langt frå prestegarden, som skulle tene som mørnsterhus for bøndene. Huset er i bruk som bustadhus enno. Det har to høgder og grunnmura kjellar. Det var i dette huset den første faste skulen i hovudsokna heldt til.[\[71\]](#)

[Click here for Picture](#)

Mørnsterhuset i Fonnevik. I dette huset oppretta Dahl fast skule i 1825

Dahl fekk også sett opp ein ny hovudbygning på prestegarden, kalla Herresalen. Arbeidet med huset byrja kring 1825 og strekte seg over fleire år. På denne tid hadde Dahl lite pengar, og han måtte låne 900 spd. av Opplysningsvesenests Fond for å få opp huset. Lånet skulle betalast attende over 28 år. Han og allmugen skulle svare renter og avdrag på 450 spd. kvar.[\[72\]](#) Dette huset vert framleis nytta til kontorbruk.

[Click here for Picture](#)

Hovudbygningen på prestegarden oppført av Dahl kring 1825.

Bygningane på prestegarden måtte vere eit syn. I 1824 skriv Dahl at han har lagt teglsteinstak på alle større hus på garden, og at han har sett stormstenger over "hver Rast Tagsteen". Her kjem det fram at taksteinen måtte sikrast godt dersom han ikkje skulle fyke bort i stormkasta. Vidare var alle husa olja og malte fleire gonger, uthusa med "engelsk Erde og Tjæreollie" og våningshusa med "Blyhvidt og Ollie". Bygningane var no i så god stand, skriv Dahl "at mine Eftermænd nesten kunne med Sikkerhed gjøre Regning paa i 50 Aar at spare alle Reparationsomkostninger paa saa mange og store Huses Vedligeholdelse, der lettelig ville beløbe til henved 100 spd. aarlig".[\[73\]](#)

4.7 Konklusjon

Det hadde skjedd store ting på prestegarden i Eivindvik i Dahl si tid. Under svært vanskelege naturtilhøve hadde han dyrka opp garden til eit mørnsterbruk som ikkje hadde sidestykke på hans kantar av landet. I arbeidet på garden hadde han halde seg til tiltak som patriotane tyke om og rekna for viktige. Han hadde lagt vekt på grøfting, nydyrkning og godt gjødselstell. Han hadde sett opp steingjerde og bygt ei rekkje uthus av gråstein, og han hadde drive eit allsidig jordbruk med sikte på mest mogeleg sjølvberging på garden. Framfor alt hadde han drive lønnsamt. Slik fekk han synt bøndene at det var mogeleg å leve av jorda også i Eivindvik hovudsokn. Det høgste ønsket Dahl hadde var at bøndene ville ta lerdøm av den drifta dei såg på prestegarden, og at dei "etter Evne", som han sa, ville setje i gang med liknande tiltak på sine eigne bruk. Men teigblandinga stod i vegen, og det måtte jordskifte til før bøndene kunne kome i gang. Slik hadde det seg at Dahl vart pådrivar i eit nokså eineståande jordskiftearbeid. Men før vi forlet mørnsterbruket i Eivindvik, skal tre augevitne få kome til med vitnemåla sine.

4.8 Samtidsvitne om mørnsterbruket i Eivindvik

Møtet med Dahl sitt mørnsterbruk gjorde nok eit uutsletteleg inntrykk på dei fleste, men dei ferraste feste opplevelingane sine til papiret. Nokre få gjorde det, mellom anna tre menn som kvar for seg vitja Eivindvik i 1820-30-åra. Dei hadde alle greie på, og kunne vurdere det dei såg. Ute ved kysten, ved munningen av Sognefjorden, hadde dei minst venta å sjå slikt.

Den første som skal få ordet er den tyske geologen Carl Fr. Naumann. Han var på studieferd i Noreg anten sommaren 1821 eller 1822, og kom då også innom Eivindvik. Han hadde fare vide og hadde ikkje berre norske tilhøve å samanlikne med. Om prestegarden skriv han dette:

"Kaum sieht man da einen Baum oder Strauch an den Bergen, und die Zum Pfarrhof gehörigen Landereien contrastiren sehr auffallend durch ihre herrlichen Wiesen und Aecker gegen die sie einschliessenden kahlen Felsenmassen, in deren steilen Schluchten nur kummerliche, mit Steinblocken besaete Triften und morastige Tiefen zu finden sind. In der That ist es ein wahres Meisterstück eines weder Mühe noch Auswand scheuenden landwirthschaft-Sinnes, was man hier vor sich sieht; aber wie uberraschend auch das Ganze zwischen seinen abstechenden Umgebungen erscheint, so wurde man doch kaum ahnen, welche ausserordentliche Anstrengung, welche Kosten erforderlich waren, um das widerspenstige, bald morastige, bald felsige Terrain so weit umzugestalten." Han avslutta med desse ord:

"...jetzt reiche lachende Fluren zwischen den düstern nutzlosen Felsen als Lohn fur die unermudete Betriebsamkeit,

als Beweis fur die Wahrheit, dass der Mensch Alles von der Natur ertrotzen kann, wenn sein Unternehmungsgeist von Ausbauer beseelt ist".[\[74\]](#)

I slutten av mai 1823 vitja biskop Jacob Neumann Eivindvik soknekall. Han var ein mann med solide kunnskapar om norks jordbruk. Han hadde gjeve ut fleire skrifter om jordbruksdrift, og hadde som nemnt ovafor også drive mørnsterbruk då han tidlegare hadde vore prest i Asker. Inntrykket sitt av prestegarden i Eivindvik forma han slik: "Saa stygt som dette Sted virkelig er, saa meget vil det overraske enhver kyndig Landmand at see og bedømme, hvad Flid og Eftertanke har formaaet her til at seire over mægtige Naturhindringer...Enhver af de... oeconomiske indretninger vidne om en saa dannet Landmands Aand, at det selv paa Østlandet vilde vække til Agtelse. I Bergens Stift er saadant Landbrug, forsaavidt jeg endnu kjender dertil, saare sjeldent".[\[75\]](#)

Dei to mennene var nokså samstemde i skildringa si. Det var den veldige kontrasten mellom dei grøne fruktbare markene i prestegarden og det golde landskapet omkring, som gjorde størst inntrykk. Dei var også samde om at Dahl hadde sigra over naturen med arbeidet sitt.

Den siste som skal få ordet er diktaren Henrik Wergeland. I slutten av juli i 1832 var han gjest i prestegarden i fleire dagar. Opphaldet resulterte i diktet **Eivindvig**. At Dahl var herre over naturen, meinte også han. "Byd, du Sjel! Naturen taber". Slik står det i diktet, som er ei hylling til Dahl og gjerninga hans. Mest av alt handlar det om mørnsterbruket. Diktet skal få avslutte soga om prestegarden i Eivindvik.[\[76\]](#)

4.9 Eivindvig

Ned med Seilet! ind fra Havet!	Gaaer den Hosbond graa i Døden,
Ind hvor, under Sæd begravet,	bag ham Kløver-morgenrøden,
drømmer stille Eivindvig!	som han skabte, skinner klar.
Ind at see, om Rug og Havre	Gaaer dein Sjel til sidste Stjernen,
tør paa Fjeldets Branter klavre,	Sommervinden i Lucernen,
uden at forkjøle sig!	Dahl skal synge Hvad du var.
Der bag Roser Maagen bygger.	Skule maatte sig jo Stranden,
Rugen i Morellens Skygger	blank og bar som Munkepanden,
triner kjæk og kront paa Myr.	for den stærke Jesupræst.
Som et Solskin Bygget blinker,	Gyldne Haver ham af Haanden,
men derover Heien synker	Lysets Straaler ham af Aanden
lummer Vellugtnat fra Fyrr.	gaae fra Eid til Sognefest.
For at øve Mannestyrke,	Byd du Sjel! Naturen taber,
lære Adamsbarn at dyrke	Eivindvigens anden Skaber
Eden fram af golde Jord,	triner under sin Tropæ:
Herren Eivindvigen skabte	Abildgaardens hvide Fane,
til et Skjær, hvor Bølgen skrabre	mens i Plovens Seiersbane
af hvert dristigt Foraars Spor.	Axet bøier tusind Knæ.
Sjelleild mod Elementer!	Medens svarte Myr forgylles,
Ædle Promethier, henter	Templet - hør! - af Toner fyldes.
ifra eder Selv den Kraft,	Det er Englevingers Klang,
som befaler Hav at loggre,	dem han ud af Kofter spiler:
tømmer Tordenskyens Koggere,	Brød af Steen og Aand af Striler
kløver Fjeldene som Taft.	Dahl i Eivindvigen tvang.

[\[35\]](#)

UBB. Det Nyttige Selskabs ark. brev frå Dahl 28.4. 1830.

[\[36\]](#) Ivar Kleiva: **Gulen i gammal og ny tid**, bd.I, (1973)

[\[37\]](#) Jens Kraft: **Det Vestenfjeldske Norge**, Deel 4, s 741.

[\[38\]](#) Ibid. s 707 ff.

[\[39\]](#) Ibid. s 748. 1 bpd. = 5,6 kg. Vekteinning som særleg vart nytta når ein vog smør og andre feitevarer.

[\[40\]](#) Ibid. s 741.

[\[41\]](#) UBB. Det Nyttige Selskabs ark. Brev frå Dahl i 1823.

- [42] SA. Gulen s.prestark., Pk. 47 innehold Syns- og takstforretn. på Eivindvik prestegard, 17.8.1818.
- [43] Ibid.
- [44] **Budstikken** No. 47 til 53, 1824.
- [45] Jens Kraft: **Det Vestenfjeldske Norge**, Deel 4, s 707 ff.
- [46] Fartein Valen-Sendstad: **Norske landbruksredskaper**, 1800-1850-årene, (1964), s 92.
- [47] SA. Gulen s.prest ark., pk. 47, syns- og takstforr. på prestegarden 17.8.1818.
- [48] I okt. 1818 søkte Dahl om å få bygsel- og bruksrtt til Næsset. Ved Kong. res. 7. des. 1818 vart sokanden innvilga. Falsen, amtm. i N. Bergenhus frå 1814 til 1822, hadde gått sterkt inn for saka. Han viste til "Dahls rosverdige Flid og Patriotiske Opfresle", og understreka at avlinga på prestegarden hadde auka til langt over det doble i Dahl si tid, Næsset unнатake. Næsset vart formelt frådelt prestegarden først i 1832. (oppl. m. a. i stiftsdir. journal)
- [49] **Budskikken**, No 47 til 53, 1824.
- [50] Ibid.
- [51] SA. Gulen s.prestark, utg. brev, til stiftsdir., 27.4.1824.
- [52] UBB. Det Nyttige Selskabs ark., forh.prot. nr. 1, (1774-1818). Chr. M. Falsen som var amtm. i N. Bergenhus frå 1814 til 1822, vitja Eivindvik truleg både i 1815 og 1817. Han var svært oppglødd for Dahl sitt arbeid på embetsgarden.
- [53] SA. Gulen sokneprest ark. utg. brev, Inntektsoppg. for soknepresten for åra 1842 og 1845.
- [54] Ivar Kleiva: **Gulen i gammal og ny tid**, bd.I (1973), s 240.
- [55] SA. Gulen s.prestark. utg. brev, 24.9.1827.
- [56] Ivar Kleiva: **Gulen i gammal og ny tid**, bd.I (1973), s 240 f
- [57] SA. Gulen s.prestark., utg. brev. Oppg. over s.presten sine embetsinnt. for 1827, 1843 og 1846, og syns- og takstforretn. på prestegarden 17.august 1818, pk. 47.
- [58] SA. Bispeark. prot. 68, inntektsoppg. får prestane i Bergens Stift, 1827.
- [59] RA. Regeringskom. sine teljingar for åra 1808 og 1809 for Eivindvik prestegj.. I hovudsokna auka potetutsæden frå 78 5/8 tø. i 1808 til 158 3/8 tø. i 1809. Den store auken meinte Dahl hang saman med at han med amtm. si hjelp, hadde delt ut 80 tø. poteter til dei mest trengjande familiane både i 1808 og 1809.
- [60] SA. Gulen s.prestark. utg. brev. "Indberetning", til biskopen om embetsinntekter m. m. for 1843 og 1845, samt "Indbertring" til amtm. i 1846.
- [61] Ibid.
- [62] **SA. Gulen sokneprestarkiv, utg. brev. Brev frå Dahl til amtm. om jordutskiftning m. m. des. 1824.**
- [63] Ibid.
- [64] Ibid.
- [65] Ibid.
- [66] Ibid.
- [67] Ibid.
- [68] SA. Gulen sokneprestarkiv, nr.47, arkivboks. Syns- og takstforretning på Eivindvik prestegard, 17. aug. 1818.
- [69] Ibid.
- [70] Ibid.
- [71] Ivar Kleiva: "Niels Griis Alstrup Dahl", Tidsskrift, Historielaget for Sogn, nr 17 (1955)
- [72] SA. Gulen s.prestark. utg. brev. 24. sept. 1827.
- [73] SA. Gulen sokneprestarkiv, utg. brev. Brev frå Dahl til stiftsdireksjonen 27. april 1824.
- [74] Carl Friedrich Naumann: Beitrage zur Kenntniss Norwegens, Leipzig 1824, s.116 og 117. Neumann vart utnemnd til professor i Krystallografi ved Bergverksakademiet i Freiburg i 1826, og i Mineralogi og Geognosi ved universitetet i Leipzig i 1842. Han var vidgjeten for dei framifrå lærebøkene sine.
- [75] Jacob Neumann: "Bemærkninger paa en Reise i Sogn og i Søndfjord i 1823", Budstikken 1824, no. 47-53. Dette var biskop Neumann si første embetsferd i Nordre Bergenhus etter at han vart biskop i Bergens Stift i 1822. Dahl var med på denne ferda, som gjekk ut frå Bergen 23. mai, med husbåt. Dahl var med frå Bergen, og biskopen seier om han at han hadde "Sjeldent historisk-antiquarisk Kundskab"
- [76] Sommaren 1832 var Wergeland på ei lengre Vestlandsreise. Han kom over Sognefjellet og reiste med båt ut Sognefjorden. I slutten av juli nådde han Brekke der han vitja skyldfolket sitt på farsida. Saman med ein slekting, Hans Ivarson, Istadfjord, (Instefjord?) som hadde ei jakt, reiste han vidare til Bergen. På vegon stakk dei som snarast innom Eivindvik. Dahl må ha kjent til at Wergeland var under vegs, for straks var han nede ved jakta og baude han velkommen i prestegarden for nokre dagar. (Norsk biografisk leksikon)





5. Det fordærvelige fællesskab

- [5.1 Tilhøva i Eivindvik prestegjeld](#)

Dette var ei nemning patriotane sette på alt hopehav i jordbruket som etter deira syn hindra nydyrkning og effektivisering av næringa. Det galdt såvel sameige som teigblanding og årbyte. Sameigeforma var eldst, men teigblandinga hadde også røter attende like til mellomalderen. Det var når sameigejorda vart skifta ut det oppstod teigblanding.

Det særegne med sameigeforma var at den einskilde bonde ikkje hadde fått skilt ut sin part av garden. Dei dyrka då jorda samen og delte avlinga mellom seg i høve til skylda på gardpartane sine. Dette var ei ordning mange meinte var skadeleg for jordbruket, mellom anna avdi ho la tilrette for "gratisplassasjerar". Dette førte lett til at bønder som kunne ha interesse av å dyrke jorda betre, tapte motet. Det var lite mon i å gjere innsats når ein måtte dele med "gratisplassasjerane".

I mellomalderen tok ein så til å skifte ut sameigejorda slik at kvar bonde fekk sitt for seg sjølv, men oftast på ein slik måte at det oppstod teigblanding. Grunnen til at ein gjorde det på denne måten, var at ein ville unngå urettferd. Alle bøndene skulle ha sin part både av den gode og den dårlige jorda. "Soleis skal skiftast at alle får teigar jambreide, jamlange og jamgode etter landskylda", stod det i Landslova frå 1274. Men ikkje all sameigejord vart skifta ut. Sameige og teigblanding var ordningar som levde side om side heilt fram til jordskiftet i slutten av 1800-talet gjorde det av med hopehavet på innmarka. Årbyte gjekk som det ligg i namnet, ut på at bøndene bytte teigar seg imellom kvart år.

Teigblandinga, som lenge vart sett på som ei god løysing, i alle høve mykje betre enn sameige, vart til sist ei alvorleg hemming for utvikling i jorbruksnæringa. Det hadde samanheng med bruksdelingane som mellom anna folkeauken dreiv fram. Då delingane gjerne gjekk føre seg ved at alle teigane vart delte, kunne dei til sist verte svært små. Ofte så små at bøndene ikkje kunne nytte seg av hestereiskap utan å kome bort på naboen sine teigar.

Det var på Sør-Vestlandet, Vestlandet og Nordland teigblandinga utarta mest. Det hadde naturlege årsaker og forklaringar. For det første var det lite jord i desse områda, og jordsmonnet var ofte ujamnt. I tillegg kom at det fanst lite kornjord mange stader. Då alle bøndene på ein gard så skulle ha noko av alle jordslaga i høve til skylda si, er det lett å skjøne at teigane kunne verte både små, mange og spreidde. På den andre sida: Når ein kunne la det gå så langt med bruksdelingar og teigblanding i desse områda, hang det saman med at det fanst andre næringar, og at jordbruket ikkje var viktigaste levevegen for mange. Ein stor del av bøndene i kystområda hadde hovudinnkoma si frå fisket. I Austlandsområda og Trøndelag var biletet eit anna. Dei vide flate jordstrekningane, med jamnare jordsmonn enn det ein fann i kystområda, gav høve til å skifte ut i større samanhangande einingar utan at ein gjorde nokon part urett, i mange høve til grensedelte gardar.

Ofte er det diktaren som får sagt det best, slik også når det gjeld det innfløkte området vi her er inne på. I nokre få verselinjer har Petter Dass fått fram mykje både om den historiske utviklinga bak det tette hopehavet på gardane, og dei praktiske vanskane og ugreiene det kunne føre til jamvel mellom brør. Frå sine heimlege trakter i Nordland kjende han problema. I diktet skimtar ein mellom anna overgangen frå sameige til teigblanding.

"Det går her i Landet gemeenlig saa,
At Jorden den sættes Lods Ejere paa
Langt over tilbørlige maade;
Det, eeneste Fader tilforne besad,
Det haver hans Sønner tre, fire paa rad
i Bøqcel og over at raade.
Der over da kommer ald Klammer afsted,
Den eene forarmer den anden derved,
Nu ville de Jorden skal byttes;
Nu Agerne maales med Liner og Snor,
Nu klager den ene, din Part er for stoer,
Nu vil hand sin Huuse skal flyttes.

Hin klager sin Gaarde-Rum falder for trang,
Hans Broders Huus-Tomter er meget for lang,
Nu meyer den ene den anden for nær,
Nu bliver en Broder den anden saa tvær,
De gider hin anden ej skue.

Sligt kommer naar Jorden er deelet og spreed,
Enhver ejer lidet at nære sig ved"[\[77\]](#)

Trass i dei mange vanskane som hopehave førte med seg, kom ein like fram til slutten av 1700-talet før nokon for alvor tok til orde for å få slutt på det. Og enno var det ikkje bøndene som klaga. Det var i patriotiske embetsmannskrinsar ein først tok saka opp til drøfting. Dette kan tyde på at storparten av bøndene framleis var nøgde med dei gamle ordningane.

Det var lenge vanleg å sjå det slik at når endringane i jordbruket kom så seint, skuldast det at bøndene var tradisjonsbundne og lite motiverte for omveltingar. Andre gav leiglendingsvesenet mykje av skulda. S. Hasund er representant for det sistnemde synet. Teigblandinga var eit utslag av "leiglendingsstuttsyn", meinte han.[\[78\]](#) Seinare forskrarar, t. d. Sigurd Rysstad, har meir sett det slik at bøndene handla medvete. Dei valde den organisasjonsforma som var mest tenleg og tok ut arbeidskrafta si på det som svarte seg best til ei kvar tid. For mange i kystområda var det som nemt fisket.[\[79\]](#)

Patriotane var opptekne av sjølvberging og ville først og fremst ha opp kornproduksjonen avdi det var korn landet importerte mest av. Synet deira fekk god meinings i naudsåra frå 1807 til 1814, då blokkaden sperra for korntilførsla utanfrå. Dei gjekk difor inn for at udyrka mark måtte leggjast under plogen, og at den dyrka marka måtte få betre hevd.

Jordreservane på innmarka var kring 1800 for ein stor del myrstrekningar som bøndene ikkje hadde fått dyrka opp m. a. avdi teigblandinga la hindringar i vegen for grøfting. I utmarka fanst det og jordreserver som kunne dyrkast opp. Det vart difor ei fanesak for patriotane å få gjennomført eit jordskifte både på innmark og på utmark. Utmarka låg i sameige. På innmarka burde jordskiftet ideelt sett føre til grensedelte gardar så den einskilde bonde kunne freda jorda si. Det var viktig å kome bort frå sambeitinga som forringa avlinga. Eit ordentleg jordskifte ville også leggje tilrette for betre og meir arbeidssparande reiskapsbruk. Hestereiskapane kunne då avløyse handreiskapane.

5.1 Tilhøva i Eivindvik prestegjeld

Som god patriot var Dahl oppteken av dei same spørsmåla som er nemde ovafor. Det var eit svært teigdelt jordlandskap som møtte han då han kom til prestegjeldet. Sorenskrivaren i Ytre Sogn, Hesselberg, som budde i Brekke, Skriv dette om tilhøva i ytre delen av sorenskriveriet i 1803:

"Flere Gaarde bestaar af Enge- og Agerpletter, hvoraf mange, om ikke de fleste, ikke ere større end det Kammer hvorudi jeg skriver dette. Disse Plette eller Jordsmonne ligger ofte strøede eller adspredde imellom Klipperne".[\[80\]](#)

Alt i 1809 tok Dahl opp spørsmålet om jordskifte med Regjeringskommisjonen. Av det han skriv går det fram at det er produksjonsauke også han er oppteken av, og at "Fællesskab" er det som står i vegen:

"En Hinder for Korn-Avlens Formerelse og Agerdyrkningens forbedring i det hele, er Fællesskab, hvorved en trættekier,

daaven og tver Nabo forhindre sin Grande at Opbryde, forbedre og udvide sin Ager, der ligger på den Vrangvilliges Egn". Dahl skriv vidare at løysinga på problemet er "Udskiftning ved dertil beskikkede Commissioner jo før jo heller... det maae ikke alene tillades, men bestemt befales."[\[81\]](#)

Dahl var ung og energisk på denne tid, og kunne ikkje vente.. Dessutan opplevde han svolt og naud hjå sokneborna i naudsåra, og det avspegla seg som rimeleg var i synspunkta hans. I brevet til Regjeringskommisjonene skriv han vidare:

"Det findes ...endog i dette Præstegjeld store Strekninger udyrket Mark, som Eiernes fordomsfulde og tildels egensindige Dorskhed hindrer fra at ernære engang saa mange Familier, en dertil bestemt Commission burde udsee disse Egne og Eierne ved Tvangsmidler forbydes at lade dem ligge ubenyttede for Staten i disse trængsels Dage, sig selv endog til Skade."

Kva eigalar Dahl siktat til her kan ein ikkje vere heilt sikker på, men truleg er det proprietærane. Dei åtte mykje gods i Eivindvik prestegjeld. I hovudsokna var det i 1830, 138 sjølveigarbruk og 233 leiglendingsbruk. Av leiglendingsbruka var omlag 60 bruk benefiserte.[\[82\]](#)

Petter Dass: **Nordlands Trompet**, frå diktet "Om Land og Landsbrug".

[78] S. Hasund: "Frå gamal til ny gardskipnad". (1944), s. 228.

[79] Sigurd Rysstad: "På sporet av den rasjonelle bonde. Samdrift, teigblanding og grensedeling rundt 1800", s. 79-80. i **Det som svarte seg best**, (1990).

[80] Halvard Bjørkvik og Andreas Holmsen: "Gardskipnad i Sogn og Fjordane for 150 år sidan". **Historeielaget for Sogn**, tidsskrift, no 16, 1953.

[81] RA: Regeringsk. 1807-1810, 1. kontor, Pk. 15, svar på Regeringsk. sin førespurnad om korn og potetutsæden i Eivindvik prestegjeld i 1809. Dahl nytta samstundes høvet til å skrive om jordskifte.

[82] Jens Kraft: **Det Vestenfjeldske Norge**, Deel 4, 1830, s. 714.





6. Jordskiftelova av 1821

Den 17. august 1821 vart "Lov ang. Jords- og Skovs Udkiftningaf Fællesskab" vedteken i Stortinget. Med denne lova tok ein sikt på å få slutt på alt skadeleg hopehav i jord- og skogbruk, både sameige og teigblanding. Alle tidlegare jordskiftelover hadde berre teke sikt på skifte av sameigejord. Dei viktigaste reglane i den nye lova var:

1. Den einskilde lotteigar i ein gard kunne krevje jordskifte på dei vilkår at alle lotteigarane i garden skulle dele på utgiftene i høve til skylda si. Tidlegar måtte den som kravde jordskifte bere utgiftene åleine.
2. All jord som tilhørde ein lotteigar, skulle "såvidt mulig" leggjast ut samla på ein stad. (§ 13)
3. Lova la opp til minneleg jordskifte, men forretningane måtte skriftfestast og tinglysast. Dersom ikkje lotteigarane var samde om minneleg jordskifte, kunne ein av dei stemne dei andre for forlikskommisjonene. Vart det ikkje forlik, måtte saka gå til retten. Retten var samansett av sorenskrivaren og fire skjønsmenn, oppnemnde av futen.
4. Jordskiftet var inga friviljug sak. Lova hadde såleis føresegner som tok sikt på å tvinge fram eit snarleg jordskifte. Den såkalla tvangsklausulen gjekk ut på at bønder som utan gyldig grunn ikkje hadde skifta ut jord- og skogeigedomene sine innan åtte år etter at lova trådde i kraft, skulle straffast med ein auke i landskatten på 1/4-del inntil jordskiftet var utført. (§ 6)

Gyldige grunnar for å sleppe jordskifte og dermed auke i landskatten, var vanskelege naturtilhøve, og dei høve der jordskiftet ikkje "hensiktsmessig" kunne utførast utan husflytting. (§ 6)

På alt offentleg jordegods, både statsgods, benefisert gods og det som høyrde offentlege stiftelsar til, skulle det haldast jordskifte når det vart bygselledig. Jordskiftet skulle utførast før bruket vart bygsla bort på nytt, eller avhenda. (§ 3)

Den nye lova førte til jordskifteaktivitet på dei fleste stader der teigblandinga var ei ulempe. Men det skulle snart vise seg at det meste av arbeidet var därleg utført. Ofte retta ein berre litt opp dei mest krokute teigane, merka grensene litt betre, og kanskje slo sammen eit par små teigar her og der, men store betringar vart det ikkje av dette. I mange høve var jordskifteforretningane beint fram reine proformaforretningar. Dette let seg gjere sidan ingen kontrollerte arbeidet. Kvifor gjekk ein fram på denne måten?

I ettertid har mange gjeve tvangsklausulen mykje av skulda for dette. Både Juvkam og Grendahl har til dømes drøfta dette spørsmålet, og har kome til at trugsmålet om straffeskatten truleg førte jordskiftet noko på avvegar. Det vart viktigare for bøndene å kome unna mulkta enn å skifte ut ordentleg.[\[83\]](#)

Det var sikkert mykje i dette, men eit større lyte ved lova var nok at ho ikkje la opp til offentleg medverknad, korkje økonomisk eller fagleg, i det vanskelege jordskiftet som stod føre. Dei mange flokane både av landøkonomisk, teknisk og juridisk art som kunne kome opp i samband med jordskiftsaker, vart ofte for vanskelege å løyse minneleg, eller i forlikskommisjonen. Og å late vanskelege saker gå til retten var ei därleg løysing. Det vart både for dyrt og for omstendeleg..

Det gjekk så därleg framover med jordskiftet i første halvdel av 1800-talet, at det kring midten av hundreåret reiste seg krav om ei ny og betre jordskiftelov. Denne gongen stod både patriotane og bøndene bak kravet.

I grunngjevinga si for å nedsetje ein kommision som kunne sjå nærmare på tilhøva, og utarbeide framlegg til ei ny jordskiftelov, skreiv Indredeldepartementet mellom anna:

"I flere Egne af Landet, i Særdeleshed de vestlige og tildels ogsaa de nordlige, bestaar Fællesskab i Jord i en udbredt Grad...De hyppige Klager, der føres over Fællesskabets lammende Indflydelse paa Jordbruget i mange af Rigets Egne...have opfordret Departementet til at tage den omhandlede Gjenstand under fornyet Overveielse".

Heile skulda for dette uføret skal likevel ikkje leggjast på svikt i jordskiftet. Praksis i skylddelingssaker hadde også noko av skulda for at teigblandinga både heldt seg og utvikla seg. Det var nokså vanleg at delingsforretningane vart utførte slik at det oppstod teigblanding.

Inn imellom fanst det likevel positive unntak. Eitt er dette frå Nordre Bergenhus: I 5-årsmeldinga for (1830-1835) gjev amtmannen uttrykk for at han ser fram til resultata "paa enkelte Steder i Indre Sogn, Søndfjord og Eivindvigs Præstegjeld, hvor det fordærvelige Fællesskab er blevet hævet". Han nemner så spesielt Dahl i Eivindvik, som skal ha "særdeles Fortjenester af sin Omhu for at bringe Udkiftningsloven af 17. August 1821 i Udøvelse".

O. Juvkam: "Træk av Utskiftningsvæsenets historie", i **Tidsskrift for Det Norske Utskiftningsvæsen**, 1917, bd. 5. Torleif Grendahl: **Jordskifteverket gjennom 100 År (1859-1958)**, 1959, s. 173. Tvangsklausulen kom aldri i praktisk bruk avdi innkrevjinga av straffeskatten, ved lov av 14. juli 1827, vart utsett til 1838. Då formannsakpslove vart vedtekne i 1837, fall landskatten bort.





7. Dahl sitt framlegg til jordskiftelov

- [7.1 Husflytting i samband med jordskiftet - kvifor var det så viktig?](#)
- [7.2 Førebuing og planlegging av jordskiftet](#)
- [7.3 Ein offentleg jordskiftekommisjon](#)
- [7.4 Forbod mot teigeskifte for framtida](#)
- [7.5 Spor etter Dahl i den nye jordskiftelova?](#)

Ein av dei som hadde venta på jordskiftelova var Dahl. Han var på Stortinget hausten 1814 og kjende til at lovkomiteen alt same hausten hadde fått i oppgåve å utarbeide ei jordskiftelov. Han syntest sju år på arbeidet var urimeleg lang tid. I mellomtida hadde han gjennomført fleire jordskifte i sitt prestegjeld. Arbeidet hadde gjeve han røynsle. Han visste kvar skoen trykke når teigdelt jord skulle skiftast og samlast.

Han var lite nøgd med lova. Ho hadde vesentlege manglar, og det vanta offentleg styring og kontroll. Han var klår over at det var lite pengar i statskassa, men jordskiftet var etter hans syn ei så viktig samfunns-sak at styresmaktene burde gå inn i arbeidet både med økonomisk stønad og fagleg hjelp. Offentlege midlar kunne aldri nyttast til eit betre føremål, meinte han.

Dahl utarbeide framlegg til endring og tillegg i lova. Det var så pass omfattande at ein godt kan sjå det eit eige lovframlegg. I følgjeskrivet som låg ved, grunngav han synspunkta sine. Han sende lovframlegget saman med følgjeskrivet, til amtmannen i 1824.[\[84\]](#) Alle sitata nedafor er henta frå lovframlegget og følgjeskrivet når ikkje anna er nemt.

Han samla framlegget sitt i fire punkt. Det var, 1. Husflytting i samband med jordskiftet, 2. Planlegging og førebuing av jordskiftet, 3. Ein offentleg kommisjon i staden for retten. 4. Forbod mot alt teigeskifte for framtida. Han utforma punkta slik:

1. "Udflytning bør paabydes og femmes allevegne naar og hvor det kan skee, og gjøres til en ufravigelig Betingelse, hvor Statens, og offentlige Stiftelsers, eller beneficeret Gods enten bortselves, eller bygsles, og dertil af Fondet for Oplysnings-væsenet ydes all muelig Understøttelse".
2. "Udkiftning bør paabydes endog der, hvor den ikke kan strax iværksettes, men Udkast og Plan lægges til en Successive og fremtidig Udkiftning, især bør dette være Tilfælde med Statens og beneficeret Gods. Indhægninger, Oprydninger, Agres Opbrydning, Markenes Opgjødsling og Udtørring der, hvor Udflytning i Fremtiden bør skee, og nuværende slettere og uqultiveret Mark i sin Tid skal omkastes med bedre og mere qultiveret, bør gjøres Kjøbere og Bygselmænd til Pligt efter Forløb af passende Tidsfrist, der i Auctionsconditioner og Fæstevreve bør bestemmes".
3. "Naar Udkiftning ikke i Mindelighed, eller ved Forligelses-commissionens mægling kan opnaaes, bør den aldeles ikke behandles som Aastedssag; men Udkiftning udføres af en dertil af Kongen anordnet Udkiftningscommission".
4. "Udkiftning teige- eller parselvis bør for Fremtiden være aldeles forbuden, og Gaarde som ikke kan udsiftes anderledes, bør for Eftertiden ikke deeles".

7.1 Husflytting i samband med jordskiftet - kvifor var det så viktig?

Den største mangelen Dahl såg ved lova var at ho ikkje hadde føresegner om husflytting i samband med jordskiftet. Etter hans syn var eit jordskifte bortkasta dersom ikkje husa vart flytta ut på det nye samla bruket. "...thi uden Udflytning vil Udkiftningen være en byrdefuld og spildt Bekostning", skriv han.

Det han først og fremst tenkjer på her er tapet av verdifull gjødsel frå hustuftene, men han understrekar også kor upraktisk og tidkrevjande det er når gjødsel og reiskap må fraktast den eine vegen og avlinga den andre. Det var også eit problem at mykje gjødsel gjekk til spille langs vegen. Husflyttinga burde skje snarast råd var, ellers kunne tapet bli stort for bøndene. Han skriv:

"Hvad nu bliver forsømt, gjenvindes nesten aldrig: thi jo før Huse bliver henflyttede og anbragte der hvor nu Loven bestemt giver Anledning til at Lodhaverne maae faae den største Deel af deres Jorder, jo før raades Bod paa det Afsavn, de i mange Maader maae Lide paa den større Afgrøde Husenes Udflytning fører med sig"

Jordskiftet og husflyttinga i samband med det, var også rette høvet til å kome i gang med ein meir økonomisk og praktisk byggjeskikk understrekar Dahl. Den same byggjeskikken som han gjekk inn for i Eivindvik prestegjeld, (sjå ovafor) burde "tilraades" i alle "Skovløse Egne", meinte han, "da det ville forbedre Almuens Kaar, og befri dem fra Onera (byrder) der ere langt sværere og utaaleligere end hvad de yde i alle muelige offentlige Udredninger. Han trekker spesielt fram Bergens Stift.

7.2 Førebuing og planlegging av jordskiftet

Det andre punktet Dahl tok opp, og som han kritiserte lova for, var at ho ikkje hadde føresegner om førebuing og planlegging av jordskiftet. Han var vonbroten over at lovgjevarane ikkje hadde hatt syn for dette, "da dog al Ærfaring og Indsigt i Landbrug raader til at saadanne Forandringer bør skee Successive, efter foregaaende Forberedelser paa alle Sider", skriv han.

Dei ueheldige følgjene av det han kalla eit "strax iværksatt" jordskifte, var at den eine då ville få "formeget Ager og den Anden ingen Ager", ...at jo en fikk mest dyrket og god Eng naar den anden maatte faae den største Deel altfor tør eller vaad og udyrket Mark, hvilket i forøget Areal neppe kunne godt gjøres ham". Slik ville mange bønder i fleire år etter jordskiftet "savne nesten baade Korn og Høe, hvad dog ikke er en fattig Mands Leilighet", skriv Dahl.

Han hevda at god planlegging og førebuing av jordskiftet langt på veg ville rydde bort dei ueheldige følgjene som er nemde. Gjennomføringa burde gå over 2 - 3 år, og tida skulle nyttast til dyrkningsarbeid. Arbeidet skulle utørast ved ei form for dognad. Den som vissste han skulle levere eng og motta åker skulle t.d. "opdyrke og udgrøfte sit Engstykke og opgjødsle det, at det vorder anvendeligt til Ager". Dette skulle han gjere før overleveringa. Det beste var om ein utsette overleveringa til kornet stod "enten paa Rod eller Stør" på den nye åkeren, skriv Dahl, for då kunne den som skulle gje bort åkeren sin, sjå at den nye han fekk att var like god.

Føremålet med denne framgangsmåten var å hindre at nokon part lei tap i avlinga den første tida etter jordskiftet. I sitt eige jordskiftearbeid freista han å gjennomføre dette.

Lova av 1821 tok lett på desse vanskane. Ho slo berre fast at jordskiftet skulle skje "således at enhver nyder full erstatning på et sted for hvad samme fratas på et annet, enten i større strekning, bedre bonitet, eller på annen maate". (sitat frå § 11)

Dahl var overtydd om at god planlegging og førebuing ville føre til større framdrift i jordskiftet. Ein ville då kome utanom mange naturhindringar som stod i vegen for og hindra eit ordentleg jordskifte, og bøndene sin motvilje mot jordskifte ville minske.

7.3 Ein offentleg jordskiftekommisjon

Punkt tre handlar om å skifte ut retten med ein offentleg jordskiftekommisjon. Når bøndene ikkje vart samde om eit minneleg jordskifte, og det heller ikkje kom til forlik i forlikskommisjonen, var det etter lova ikkje anna ráde enn å sende saka til retten dersom ein ville kome vidare. Dahl var sterkt imot denne ordninga av fleire grunnar. For det første vart det altfor kostbart for bøndene. Sjølv det minste og enklaste jordskifte kom på mellom 50 og 150 spd.[\[85\]](#) når retten skulle handsame saka. Galdt det eit større og meir komplisert jordskifte, kunne det verte svært dyrt. Kostnadane kunne føre til "mange Familiers Ruin...og betager Loven meget af dens Brugelighed", skriv Dahl. Han var heller overtydd om at retten sat inne med dei kunnskapane og røynslene som skulle til å løyse vanskelege jordskiftesaker. Sorenskrivaren som leia retten, var jurist. Han kjende lovverket, men hadde ofte lite greie på jordbruk. For det tredje brukte retten for lang tid på sakene.

Dahl gjekk inn for at det skulle oppretta ein offentleg jordskiftekommisjon som skulle ta seg av dei sakene bøndene ikkje semje om. Det ville gje ei både rimelegare, tryggare og snøggare handsaming, meinte han. Han skriv: "En til disse Sagers Afgjørelse paa en hastig og lidet bekostelig Maade af Kongen forordnet Commission, hvis Medlemmer have Indsigt ag Villie til at handle samvittighedsfuldt, synes just her at være paa sit rette Sted"

7.4 Forbod mot teigeskifte for framtida

Endeleg ville Dahl ha forbod mot at jorda vart stykka opp i teigar ved delingsforretningar. Han hadde nok ergra seg mykje over praksis på dette området, og med rette. Ikke sjeldan hende det at bruk som nyleg hadde vorte samla nokolunde ved jordskifte, ved delingsforretningar vart lagde ut i teigar att. I grunngjevinga si for dette forbodet,

skriv han:

"Endelig, naar baade Sorenskrivere og andre, endnu som før, Udkiftningsloven uagtet, kunne vedblive at sammenblande Eiendomme ved den usalige Teigeskiftning; hvad nytter da Loven til...Det bør være enhver Sorenskriver forbudt at udføre Delings-forretninger, som skee teigevis, og intet Dokument tingleses, der forudsetter denne Slags Udkiftning".

7.5 Spor etter Dahl i den nye jordskiftelova?

Dahl sitt lovframlegg nådde Stortinget og vart teke opp der av representanten Svanøe 9. mars 1824. I lova av 1857 finn ein att fleire av dei punkta Dahl la vekt på i sitt framlegg. Til dømes vart retten skifta ut med ein offentleg jordskiftekommisjon, samansett av formann og to lagrettemenn. Formannen skulle vere fagkunnig på "einendomsformingens område" og vere kyndig i oppmåling og karttegning.

Lova hadde også føresegner om husflytting i samband med jordkiftet, og ein legg merke til at det skulle ytast offentleg stønad til flyttinga dersom kostnadane gjekk over ei viss fastsett maksimumsgrense.

Endeleg kom det inn i lova av 1857 ein regel som forbaud all oppdeling i teigar ved delings- og skyldsettingsforretningar. Ordlyden i denne lovparagrafen minner så sterkt om ordlyden i Dahl sitt framlegg, at ein må tru kommisjonen hadde det på bordet då dei forma regelen. Sitat er henta frå § 23:

"Ved enhver Delings- og Skyldsætningsforretning have Mændene, der udføre den, udtrykkelig at bevidne, at der ikke ved Delingen eller afhændelsen er indført Fællesskab i Jord eller Skov der, hvor det ikke var før. Naar Saadan Bevidnelse ikke er afgivet, maa det vedkommende Delings- eller Adkomstdokument ikke antages til Tinglæsning". Kor vidt det er spor etter Dahl vi ser her, eller om det var tilhøva i jordbruket på den tid som gjorde at desse reglane naudsynte, er ikkje godt å seie. Truleg var det mest det siste, men mykje tyder på at Dahl sitt framlegg har vore tilgjengeleg og kan ha påverka utforminga av reglane. I jordskiftearbeidet i Eivindvik prestegjeld var det sitt eige lovframlegg han nytta når den offentlege lova ikkje strakk til.

[84]

SA. Gulen sokneprestarkiv, utg. brev. Brev frå Dahl til amtm. Her finst heile Dahl sitt lovframlegg med følgjeskriv, april 1824.

[85] Torleif Grendahl: **Jordskifteverket** gjennom 100 år (1859-1959), s. 157.





8. Jordskiftet i Eivindvik prestegjeld frå 1817 til slutten av 1830-åra

- [8.1 Omgangen av jordskiftet](#)
- [8.2 Korleis var jordskiftet utført?](#)
- [8.3 Framgangsmåten i jordskiftearbeidet](#)
- [8.4 Konklusjon](#)

Som nemt fekk ein av ymse grunnar ikkje bukt med teigblandinga på Vestlandet sjølv om ein i 1821 hadde fått ei lov som var etla til dette. Det var først etter at den neste jordskiftelova kom i 1857, og Jordskifteverket vart oppretta i 1859, at det kom fart i jordskiftet.

Då kommisjonen som utarbeidde framlegg til ny jordskiftelov kom saman i 1854, henta dei inn opplysningar om kor langt det var kome med jordskiftet, frå alle kantar av landet. Konklusjonen var denne:

"Jordfællesskab er utbredt over hele Vestlandet. En Gaards Indmark (Ager, Eng og Bø) er ialmindelighed delt mellom de forskjellige Brug i Gaarden i mindre om hinanden liggende Dele, Strimler eller Teiger, tildels hvad Ageren angaar, ganske smaa Flekker".[\[86\]](#)

Kommisjonen kom likevel til at jordskiftet hadde lukkast to stader i landet. Det var på Jæren og i Gulen tinglag i Ytre Sogn:

"Alene Dele af Stavangers Amt, navnlig af Jæderen, kunne, saavidt vi have erfaret, siges at gjøre en betydelig Undtagelse. En Mængde mindelige Udskiftninger er udførte der, gjerne under Benyttelse af et indskrænket Antal af Mænd, som ere blevne fortrolige med saadanne Forretninger. En mindre betydende Undtagelse gjør Gulens Tinglag i Ytre Sogn, hvor, under en nu afdød Embedsmands Paavirkning, de fleste Gaarde ere udskiftede og, forsaavidt det er anseet nødvendigt, udflyttede".[\[87\]](#)

Gulen tinglag omfatta storparten av hovudsokna i Eivindvik prestegjeld. Den "afdøde" embetsmannen vi hører om, kan ikkje vere nokon annan enn Dahl. Han var død nokre år tidlegare, i 1852. Når kommisjonen omtalar Gulen tinglag som ein mindre "betydende Undtagelse" enn Jæren, må ein forstå dette som eit utrykk for at Gulen tinglag tydde mindre som jordbruksområde enn Jæren. Det hadde neppe noko med kvaliteten på jordskiftearbeidet å gjøre. Vi får også vite at det hadde skjedd ei omfattande husflytting i samband med jordskiftet i Gulen tinglag. Dette er i seg sjølv ein opplysning som talar for godt utført jordskiftearbeid.

Jordskiftet på Jæren skal eg ikkje gå inn på, men berre nemne kva agronom Johan Lindeqvist skreiv om dette etter å ha vitja Jæren i 1855:

"Jorden er vistnok udskiftet af egentlig Fællesskab; men paa en Saadan Maade at man kun har ringe Fordeel deraf, da Alles Jorder ligge blandede om hverandre, og fælles Betning finder Sted".[\[88\]](#)

Spørsmålet er så korleis jordskiftet i Gulen tinglag var utført. Var det betre der? Hadde Dahl og medhjelparane hans fått bukt med teigblandinga? Hadde dei makta å få til samla bruk som kunne heglast inne og fredast, og eventuelt, kva framgangsmåte hadde dei nytta? Dette er spørsmål som vil bli drøfta nedafor.

8.1 Omgangen av jordskiftet

Som nemnt var det i Gulen tinglag Dahl konsentrerte jordskiftearbeidet. Det var naturleg sidan dette var nærområdet hans. Det var også her dei fleste benefiserte gardane låg, og det var på desse gardane han starta opp jordskiftearbeidet.

Av martrikkelen for 1838 går det fram at det låg 102 gardar med tilsaman 259 bruk i Gulen tinglag. Gardane var jamt over små, med gjennomsnittleg 2,5 oppsitjar. Heile 37 gardar var einbølte. Den største garden i tinglaget var Byrknes, med 24 bruk. Den gjennomsnittlege storleiken på bruken var i underkant av 1/2 laup.[\[89\]](#)

Det første innmarksjordskiftet under Dahl si leiing gjekk føre seg i 1814. Før han reiste til Stortinget den hausten

hadde han halde jordskifte på den benefiserte garden Fonna, der det budde to leiglendingar. Men den "egentlige Jordudskiftning" byrja i 1817, skriv han. Det var det året han "med Gaarden Lille Nordahls 3 Brug begynte at overtale og selv veilede til Udkiftning og til Udflytning af Huse paa alt Eivindvigs Sognekald beneficeret Gods".[\[90\]](#)

Fram til 1838 stod Dahl i spissen for jordskifte på 23 benefiserte gardar med tilsaman over 60 bruk. I tillegg kom proprietær- og sjølveigedom, 27 gardar med tilsaman over 100 bruk. Heilt nøyaktig dreia det seg om 167 bruk med ei samla jordskyld på 83 laupar.[\[91\]](#) Langt dei fleste av desse gardane låg i Gulen tinglag. Nokre få i Lavik og Utvær tinglag. Seinar følgde fleire jordskifte. I 1846 skriv Dahl at talet på utskifta bruk var kome opp i over 200.[\[92\]](#), men tyngda av arbeidet låg i 1820-åra, (sjå vedlegg II). Oppsvinget i jordskiftearbeidet i 1820-åra hadde truleg samanheng med lova av 1821. Alle forretningane var minnelege.

8.2 Korleis var jordskiftet utført?

Med Dahl som leiar og kontrollør i jordskiftesaker, var det ikkje mogeleg for bøndene å kome unna med lettvinde og därlege løysingar, for ikkje å tale om proformaforretningar. Han meinte alvor med jordskiftet. I praksis tydde det at han ikkje var nøgd utan at det einskilde bruk vart lagt ut samla på ein stad og i ein strekning slik at bonden kunne frede jorda si. Dette var ei vanskeleg oppgåve, men det ser ut til at det lukkast.

I 1838 skriv han at dei fleste bruk som til då var skifta ut, alt var innhegna med steingjerde "under et eneste Hegn".[\[93\]](#) Med andre ord var desse bruka samla på ein stad og i ei strekning. Det var ikkje berre små gardar som vart skifta ut på denne måten. I 1828 vart den største garden i Gulen tinglag, Byrknes, skifta ut. Garden hadde 24 bruk og var delt opp i 108 teigar. Om dette jordskiftet skriv Dahl:

"Endelig kommer hertil den af ei mindre end 24 Brug bestaaende store Gaard Birknes, hvoraf 13 Brug forhen var Statens Gods, som alle laae i et hvist fordærvlig Fællesskab, men etter 14 Dagers Ophold paa Gaarden Lykkedes mig at faae alle disse 24 Brug hver for sig i en sammenhengende Strækning Udkiftede".[\[94\]](#)

Jordskifteforretningane vart nøyaktig noterte i forliksprotokollen. Det er difor høve til å kontrollere jordskiftet nærmare. På 15 undersøkte gardar, med tilsaman 53 bruk, syntet det seg at kvart bruk ved jordskiftet vart samla på ein stad og i ei strekning. Dei undersøkte gardane er:

Mjømna, 7 bruk. Henriksbø, 4 bruk. Undertun, 2 bruk. Halsvik, 2 bruk. Nordgulen, 6 bruk. Brandanger, 4 bruk. Fonna, 2 bruk. Fivelsdal, 3 bruk. Hantveit, 2 bruk. Sande, 8 bruk. Randal, 4 bruk. Grimstad, 2 bruk. Flolid, 2 bruk. Myre, 3 bruk. Virkesdal, 2 bruk.

I forretningane finn ein gjerne denne overtydande ordlyden:

"Gaarden indengjerd blev da saaledes Udkiftet at hvert Brug for sig ved Haagjerde kan indhegnes samlet paa et Sted og i en Strækning", eller, "Gaarden blev da Udkiftet saaledes at den ene Gaardeparts Paaboer aldeles ingen Lod eller Fællesskab mere har indpaa den Andens Eiendom, hverken af Ager eller Bøstykker".

Endeleg kan nemnast at mest ingen jordskifteforretningar som Dahl hadde leia, vart tekne opp att då den nye lova kom i 1857, og Jordskifteverket kom i verksemrd i 1859.[\[95\]](#) Bøndene må såleis ha vore godt nøgde med det første jordskiftet. Dette var noko ekstra for Eivindvik prestegjeld. Dei fleste stader der det var halde jordskifte etter lova av 1821, måtte arbeidet takast opp att. Truleg er det kvaliteten på jordskiftearbeidet i Gulen tinglag som har gjort inntrykk på kommisjonen av 1854.

8.3 Framgangsmåten i jordskiftearbeidet

Eit viktig og interessant spørsmål er korleis Dahl og medhjelparane hans kunne få jordskiftet så godt til. I Gulen tinglag der jordskiftet omfatta dei fleste bruk, låg det slett ikkje lagleg til rette for arbeidet. Det var nok av "særdeles Naturaarsager", slik det heiter i lova av 1821, som stod i vegen for, og hindra jordskiftearbeidet. Her skal berre nemnast skorten på jord som var i området og den ujamne bonitetan. Det måtte også vere eit problem at ein stor del innbyggjarane i tinglaget hadde fisket som hovudnæring og jordbruksnæring som attåtnæring. Ein skulle tru at dette måtte føre til at mange ikkje hadde så stor interesse av jordbruksnæring, og at dei difor ikkje ville leggje åt seg brytet med eit jordskifte.

Jordskiftearbeidet i Gulen tinglag baud såleis på vanskar både av fysisk og motivasjonsmessig art. Men gardane var jamt over små og hadde få oppsitjarar. Dette var nok eit tilhøve som letta arbeidet.

Skulle ein kome vel i hamn med eit jordskifte måtte ein først og fremst ha bøndene med seg. Som ventande var, kjende mange bønder otte og uvisse andsynes jordskiftet. "Frygt og Mistillid... er den største Hinder for

Udskiftningen", skriv Dahl til venen Ole Elias Holck i 1831.[\[96\]](#) Han la difor stor vekt på å styre jordskiftet på ein måte som roa bøndene. Otten og uvissa måtte vendast til tillit og tru på at det svarte seg å skifte ut. I dette arbeidet måtte ein trå varsamt og gje seg god tid. Det var Dahl sitt utgangspunkt.

Han var ikkje i tvil om at menn av bonestand var betre skikka til tilsynsmenn og meklarar i jordskiftesaker enn t.d. embetsmenn. Dette grunngav han med at bønder hadde betre greie på jordbruk og hadde større tolmod med partane. Det siste var ikkje minst viktig. Han valde difor ut to dugande bønder frå Eivindvik til denne oppgåva. Det var Jørgen Lassesen, Indre Midtun og Nicolay Johnsen, Ytre Midtun. Desse to bøndene var Dahl si høgre hand i alt jordskiftearbeidet i Gulen tinglag. I det nemnde brevet til Holck kjem han nærmare inn på spørsmålet om bønder som jordskiftemenn og kvifor dei etter hans syn, var betre skikka til dette arbeidet enn andre. Han skriv:

"jig har af daglig Ærfaring Lært, at saadanne Forretninger aller best udføres af Bønder, naar disse dertil vennes og samler den fornødne Ærfaring og indsigt...Hvor Mænd udenfor Bonestanden ere tilstede, gjøres Fordringer og Forsøg, som ikke finde Sted hvor Parterne have alene med Mænd af deres egen Midte at gjøre; da disse ved at gaae alle deres Indvendinger imøde med fornøden Sagkundskab, og tillintetgjøre ethvert Forsøg paa egennyttige Fordringer fra alle Sider. De have ogsaa større Taalmodighed og Gave til i flere Dage og uger at Bivære og høre paa deres Vidløftige Disquussioner pro & contre".[\[97\]](#)

Det var altså ikkje enkelt å leie jordskiftesaker. Ved sida av gode jordbrukskunnskapar og tolmod skulle det også stor meklarkunst til. Dei to bøndne frå Eivindvik meistra alt. Utan "Bekostning og Omstendighed" mekla dei fram gode løysingar. Dahl hadde difor halde seg i bakgrunnen. Han hadde berre vore fysisk til stades i dei første jordskifta, nemleg i "Østgulen på Hanetvedt og på Birknæs", skriv han.[\[98\]](#) Dei to bøndene naut etter kvart så stor tillit at partane gjerne overlet heile saka til dei som voldgift. "...man enedes om at overlade alt til deres Afgjørelse", skriv Dahl.[\[99\]](#)

Oppmålings- og boniteringsarbeidet var vanskeleg. Ofte var det under dette arbeidet det oppstod usemje mellom partane som i verste fall kunne skiple heile jordskiftet. Når det var så knapt om jord som tilfellet var i Gulen tinglag, vart det ekstra vanskeleg.

Dersom Dahl hadde følgt vanleg praksis, hadde han sett dei to bøndene til dette arbeidet, medan partane fekk følgje med så godt dei kunne. Men vi skal sjå at han gjorde det på ein litt annan måte.

Truleg avdi 13 bruk på garden Byrknes var statleg eigedom, gjekk det ei nøyaktig avskrift av denne forretninga til amtmannen i januar 1829. Her kjem det fram at oppsitjarane sjølv hadde spela hovudrolla i oppmålings- og boniteringsarbeidet, medan dei to bøndene hadde følgt arbeidet nøye og gjeve gode råd og vegleiring. Dette var ein framgangsmåte som hadde gjeve gode resultat, og som Dahl meinte burde nyttast andre stadar også. Han skriv:

"Jig haaber man ved nøje at betragte denne vedløftige Forretnings Udførelse, vil overtydes om at ikke altid nøiagttige geometriske Opmaalinger; ei heller en ofttest med Landbrug ubekjent Sorenskriver og...i selve Landbruget end mere Uvidende Lagrette er nok til at udføre Udskiftningen i Norge, men den nøiagttigste Landkundskab eller Bekjendtskab med hver enkel Plet Ager og Eng der skal udskiftes, hvis Beliggenhed og Værd nøiagttig maa kunne bedømmes hvor Arealet er saa yderst indskränet er Hovedsagen og en aldeles uundværlig Egenskab for den, der vil give sig af med Jordudskiftninger; men den besidder neppe nogen i den Grad som folket, der selv paabor og driver Gaarden. De alene og neppe nogen anden ere de eneste, der naar de kun vilde, visselig kunne udføre en riktig Udskiftning. Den der paatager sig at udskifte en Gaard hvor han selv ei boer, bør for det meste alene være Tilsynsmand og Leder for en saadan Forretning og holde strengt vaagent Øie med Egennytten, Avindsygen og alle andre urene Lidenskaber at de ei blande sig med i Spillet, saa skifte angeldende aller retferdigst og formuftigst selv...Dersom Loven angaaende Jords- og Skovs Udskiftning havde noget mere detailleret antydet denne Maade at udskifte paa, vilde mange Ulykker og ødeleggende Omkostninger været sparede".[\[100\]](#)

Det er grunn til å tru at Dahl hadde rett i desse vurderingane. Truleg kjende partane seg tryggare når dei hadde hand om det vanskelege og sårbare oppmålings- og boniteringsarbeidet sjølv, enn når menn som ikkje hørde til på garden stod for dette arbeidet. Det var heller ikkje nokon risiko med å gje partane denne tillita når dei to bøndene - tilsynsmennene - vakta arbeidet så nøye, og hjelpte med gode råd og rettleiring. Dahl hadde tidleg gjort den røynsla at "nøiagttige geometriske Opmaalinger" ikkje var så viktig. Sidan hadde alt jordskiftet i prestegjeldet gått føre seg på den måten som er nemnt.

Det kjem også fram i brevet at jordskiftet kosta bøndene lite. "Vedkommende selv betale de Mænd, der ere dem behjelpelige at maale og raadføre dem og jig eller en paa mine Vegne har intet annet villet være end hines skrivere", skriv Dahl.[\[101\]](#) Det er ei kjent sak at han ikkje tok noko for sitt arbeid i samband med jordskiftet. I 1846 skriv han dette: "...henved 2OO Jorbrugere ere under min Ledning og Bestrebelse for Liden eller ingen Bekostning blevne udskiftede af det Fordærvelige...Teigebytte".[\[102\]](#) Det kjem ikkje fram kor mykje dei to bøndene skulle ha for arbeidet, men det var nok ikkje mykje. Frå andre stader høyrer ein at jordskiftemenn på den tid, fekk ei ort (80 øre) for dagen, og kost. Det kunne vel vere om lag det same i Eivindvik. Dahl var oppteken av at kostnadane ikkje skulle vere ei hindring for jordskiftet. Difor var han heilt imot å sende saker til retten, eller å nytte sorenskrivaren som rådgjevar. Han hadde ikkje tru på dei fagleg sett heller. Med dyktig diplomati frå Dahl og dei to jordskiftemennene

si side, vart alle jordskiftforretninga i Eivindvik prestegjeld utført minneleg. I lovframlegget sitt gjekk han inn for ein offentleg kommisjon som skulle leie jordskiftearbeidet. På mange måtar fungerte Dahl og dei to medhjelparane hans som ein slik kommisjon.

Når ein skal forklare det vellukka jordskiftet under Dahl si leiing, kjem ein heller ikkje utanom det grundige planleggings- og førebuingsarbeidet som vart utført. Når jordskiftet skulle ende opp med samla bruk, og i ei strekning, var det ikkje til å unngå at både myrar og udyrka mark måtte takast inn. Såleis enda mange bønder opp med därlegare jord enn det dei hadde hatt før, og rett ofte måtte åker bytast mot eng. Sjølv om ein freista å kompensere tapet med meir jord, var ikkje det alltid godt nok. Det var tungt å bryte opp ny jord, og det tok tid før avlinga nådde same nivået som før. Det var slike uhedige følgjer av jordskiftet Dahl ville rå bot på med planleggings- og førebuingsarbeid. Jordskiftet måtte aldri setjast endeleg i verk før "alle Angjeldende af egen Ærfaring veed de intet Tab lide!", skriv han i 1831.[\[103\]](#) Dette var eit prinsipp han følgde. Eit jordskifte kunne difor strekkje seg over fleire år.

Eit interessant døme på korleis ein kunne gå fram i praksis, viser denne jordskifteavtala som bøndene på garden Haugland gjorde med kvarandre hausten 1844. Partane møttest 14. november 1844, og jordskiftet skulle vere utført til 1. april 1845. Dei vart samde om at alle bruk "bleve særskilt udskiftede i en sammenhengende Strekning saaledes at Haagjerde maa kunne opføres hvorved hvert Brug særskilt adskilles fra de øvrige".[\[104\]](#) Dei vart også samde om ein framdriftsplan for førebuingsarbeidet og batt seg til å betale dagmulkt til skulekassa dersom dei ikkje heldt tida:

"Forat undgaae Misgreb og Forurettleser paa nogen af Siderne fastsettes en Termin af 6 Aar inden hvilken Forretningen skal kunne Være endelig afgjort, dog saa at Udskiftningen til neste Aars Foraar...er saaledes udført at Udflytning Strax kan paabegyndes og enhver modtager til Foraaret 1846 den ham tilskiftede Deel, og derefter første Gang i Aaret 1846 Høster overensstemmende med Udskiftningen...Hvad Agerlandet angaaar, da bleve alle Parter enige om, at enhver af alle Angjeldende som ønsker det, skal beholde den gamle Ager i Brug indtil et lige stort Areal af den bliver opbrudt og sat i dyrkelig Stand, saa at den strax kan tilsaes, som modtager den Ager som den Anden skal aflevere. Alt paa sin egen Bekostning, dog saa at Terminen ikke overgaard 6 Aar og altsaa ei mindre end 1/6 opbrydes og tilberedes aarlig, men vel mere om Parterne selv derom bliver enige".[\[105\]](#)

Denne framgangsmåten var heilt i tråd med Dahl sitt lovframlegg. Det særegne var at åkeren skulle vere klar til sång før overleveringa, og at arbeidet skulle utførast av den som skulle motta åker i staden for eng. Meir vanleg var det andre stader, at overleveringa skjedde først, og at den skadelidande bonden sjølv måtte gjere arbeidet med dugnadshjelp av ei andre. Dahl gjekk så langt at han meinte kornet burde stå anten på rot eller staur ved overleveringa. Først då kunne bonden sjå at han ikkje lei tap. Truleg unngjekk ein mange kjeppar i hjula med ein slik framgangsmåte.

Dugnad i meir tradisjonell forstand var også vanleg i samband med jordskiftet i Gulen tinglag. I jordskifteforretninga for garden Byrknes som vart skifta ut i 1828, finn ein denne avtala:

"De 2 selveier Brug nemlig Jon Christensen af Nordre, og Jon Olsens af Søndre Birknæs have tabt betydeligt Agerland ved at Engmark er udlagt til dem som Vederlag for Agerland, saa ere alle Gaardens nuværende Opsiddere blevne enige om at de øvrige 11 Opsiddere af Nordre Birknæs skulle ved nogle Dagsværk, ei mindre end 2, paa egen Kost hjelpe Jon Christensen: og de øvrige 9 af Søndre Birknæs paa lige maade hjelpe Jon Olsen at bryde nye Agre".[\[106\]](#)

8.4 Konklusjon

Jordskiftet i Gulen tinglag kom langt under Dahl si leiing. "Kun Saare faae Gaarde ere nu tilbage som endnu ligge i Fællesskab", skriv han alt i 1838.[\[107\]](#) Skiftet var utført slik at den einskilde bonde hadde fått bruket sitt samla på ein stad og i ei strekning. Dermed hadde Dahl oppnådd det som var det ideelle målet med jordskiftet etter lova av 1821. I lova stod det at kvart bruk "såvidt mulig" skulle leggjast ut samla på ein stad og i ei strekning. Det er elles tydeleg at han mest nytta sitt eige lovframlegg. Jordskiftet i Gulen tinglag hadde såleis gjort ende på teigblandinga i området, og hadde lagt til rette for betre jordbruksdrift. Forklaringsa på kvifor Dahl lukkast betre i arbeidet enn dei fleste andre jordskifteleiarar på den tid, må søkjast i framgangsmåten. Vi har sett at partane spela hovudrolla i jordskiftearbeidet, og at det kostar lite. Dette var kanskje det viktigaste. "Den lempelige og lidet bekostelige Fremgangsmaade" er det som først og fremst har ført fram, skriv Dahl.[\[108\]](#) Men det grundige førearbeidet og den utstrakte bruken av dugnad, var også viktige brikker i arbeidet. Dei gode resultata tyder ikkje at Dahl alltid hadde arbeidd lett. "Dog har...min Virksamhet ogsaa i denne Retning mødt ei liden Opposition", skriv han om jordskiftearbeidet i 1846.[\[109\]](#)

Kom.innst. til lov om "Udskiftning af Jordfællesskab", 1856, s. 1.

[87] Ibid. s. 1. Opplysningsane om Gulen tinglag låg føre i ein lensmannsrap. frå tinglaget, dat. 31.12.1855.

[88] Johan Lindeqvist: **Optegnelser under en Landbrugsreise gjennom det sydlige Norge Sommeren 1855.** s. 98. (1856)

[89] **Norges Martrikel 1838.** 1 laup = 15,43 kg. smør.

[90] SA. Gulen s.prestark., utg. brev. Til amtm. 11.7.1838.

[91] Ibid.

[92] SA. Gueln s.prestark., utg. brev. Til amtm. 26.2.1846.

[93] SA. Gulen s.prestark., utg. brev. Til amtm., 11.7. 1838.

[94] Ibid. I samband med jordskiftet fekk Dahl ordna med sal til "Paadoerne" for rimelege prisar.

[95] Ivar Kleiva: "Niels Griis Alstrup Dahl", i tidsskriftet **Historielaget for Sogn**, nr. 17 (1955)

[96] UBB. Manuscriptsaml., brev frå Dahl til O.E. Holck, 16.2.1831. Holck (1774-1842) var frå 1818 sjef for Sønnfjordske Musketerkorps. I 1818, 1824 og 1839 var han stortings.repr. for N. Bergenhus. Han og Dahl delte politiske, historiske og arkeologiske interesser. Han samla m.a. på pergamentbrev som han fekk mange av frå Dahl. Han budde på garden Alværa i Lavik.

[97] Ibid.

[98] Ibid.

[99] SA. Gulen s.prestark. utg. brev. Til amtm. 11.7.1838.

[100] SA. Gulen s.prestark., utg. brev, til amtm. 3.1.1829.

[101] Ibid.

[102] SA. Gulen s.prestark., utg. brev. Til amtm. 26.2.1846.

[103] UBB. Manuscriptsaml., brev frå Dahl til Holck, 16.2.1831.

[104] SA. Gulen forlikskom., forh.prot. nr. 2, 14.11.1844.

[105] Ibid.

[106] SA. Gulen s.prestark., utg. brev, 3.1.1829.

[107] SA. Gulen s.prestark. utg. brev, til amtm. 11.7.1838.

[108] Ibid.

[109] SA. Gueln s.prestark. utg. brev. til amtm. 26.2.1846.





9. Kva skjedde etter jordskiftet?

- [9.1 Husflytting og ny byggjeskikk](#)
- [9.2 Innhegning, dyrkningsarbeid og auka avling](#)
- [9.3 Konklusjon](#)

Jordskiftet la til rette for meir rasjonell jordbruksdrift, men gav i seg sjølv ikkje noko resultat. Målet var auka avling, men då måtte det dyrkningsarbeid til av ymse slag. PÅ prestegarden i Eivindvik hadde Dahl heilt frå si føste tid som sokneprest, drive omfattande dyrkningsarbeid. Det galdt både grøfting, opprydding og utbetrингa av jorda, nydyrkning og godt gjødselstell, alt med tanke på og von om at bøndene "efter evne", som han uttrykte det, ville "udføre lignende Forbedringer" på sine bruk.[\[110\]](#) Han hadde også synt fram ein ny og betre byggjeskikk på prestegarden som han vona bøndene ville ta etter.

Jordskiftet i Gulen tinglag var kome langt i midten av 1830 åra. Dei fleste bøndene der hadde då fått bruka sine samla og utlagde på ein stad. Dermed låg det til rette for at dei kunne gå i gang med både husflytting, innhegning og jorddyrkning. Spørsmålet er korleis det gjekk med alt dette. Sentrale spørsmål vil vere om den nye byggjeskikken også kom i bruk i denne tida, og om bønden dreiv dyrkningsarbeidet så langt at dei kunne måle auka avling.

År om anna sökte Dahl Det Nyttige Selskab om premiar til dei bøndene han meinte fortente det mest.

Synfaringsrapportane som låg ved desse søknadane, har vore ei viktig kjelde i arbeidet med å finne ut kva som skjedde på bruka etter jordskiftet. Det var anten Dahl sjølv eller dei to medhjelparane hans i jordskiftearbeidet som reiste på synfaringar, og ein kan spørje om dei var uhilda. Det var dei vel ikkje, men dei detaljerte opplysningane som kjem fram i rapportane, talar for truverd.

Det Nyttige Selskab lova ut premiar mellom anna for "Jordforbedringer" og oppsetjing av steingjerde, i 1830 åra også for "Jordudskiftninger". Fleire bønder i Eivindvik prestegjeld vart tildelte premiar av selskapet. Det dreia seg ikkje om store summar, gjerne berre 5 spd., men det var ei oppmuntring. Dahl var både æresmedlem og korresponderande medlem av Det Nyttige Selskab.

9.1 Husflytting og ny byggjeskikk

Jordskiftelova av 1821 la ikkje opp til husflytting i samband med jordskiftet sjølv om mange såg at det kunne vere tenleg for drifta på det einskilde bruk. Men det kosta å flytte hus, og då den nye norske staten hadde därleg økonomi, kom det ikkje på tale med offentleg stønad til flyttinga. Sidan det var urimeleg at bøndene skulle bere kostnadene åleine, vart det teke inn ein unntaksregel i § 6 i lova for stader der jordskiftet vanskeleg kunne gjennomførast utan husflytting. Regelen lydde slik:

"For denne her påbudte forhøielse i landskatten skulde dog de steder fritas...hvor ophevelse av fellesskap eller mekelegg ikke hensiktsmessig kan utføres, med mindre utflytning måtte finne sted".

Det kom såleis mest aldri på tale med husflytting i samband med jordskiftet etter lova av 1821. Dahl var heilt usamd i dette. Det går fram både lovframlegget hans og av følgjeskrivet. Etter hans syn var jordskiftet bortkasta dersom ikkje bøndene, anten samstundes eller så snart råd var, flytta ut på det jordet dei hadde fått utlagt ved jordskiftet. Grunngjevinga hans for dette var omsynet til gjødselutnyttinga og drifta på garden som då ville bli meir effektiv. Utflyttinga var ei så viktig samfunns-sak, meinte han, at ho burde støttast med offentlege midlar. I lovframlegget gjer han framlegg om at midlar frå Oplysningsvesenet Fond kunne nyttast til utflyttinga på alt offentleg gods. Slik vart det ikkje i hans tid, men husflyttinga kom likevel langt i Gulen tinglag både på offentlege og privateigde bruk. Kommisjonen av 1854 slo fast at "de fleste Gaarde ere udskiftede og, forsaavidt det er anseet nødvendigt, udflyttede" i Gulen tinglag.[\[111\]](#) Det var altså ei omfattande utflytting som hadde gått føre seg. Ingen annan stad i landet kunne kommisjonen vise til noko liknade.

Eit døme som syner Dahl sin iver med omsyn til utflyttinga, er det som hende under jordskiftet på den benefiserte garden Fonna i 1814. Dette var det første innmarksjordskiftet Dahl leia.

Det budde to leiglendingar på garden Fonna, og etter jordskiftet måtte den eine flytte ut dersom han skulle få husa

sine på sitt eige bruk. Leiglendingen var lutfattig, og husa han åtte var så skrøpelege at dei ikkje let seg flytte. Det enda opp med at Dahl sette opp nye hus til han på eiga rekning og etter den nye byggjesikken. Han sette opp to hus på bruket, eit stovehus og ein ladebygning i plassen for alle dei små.

Vi får ikkje vite kor mykje han la ut på dette, men held ein seg til dei byggjekostnadane han sjølv opererer med i følgjeskrivet sitt, kan det ha kosta minst 2OO spd.. Det var omlag 1/4 av Dahl si årssinntekt på den tid.[\[112\]](#)

Jordskiftet kom retteleg i gang i 1817, og heilt frå byrjinga av inneheldt forretningane føresegner om husflytting. Forretningane syner fleire framgangsmåtar som alle tok sikte på at så få som mogeleg måtte flytte. Ein freista å trekke grensene slik at ein eller fleire kunne vere att i tunet. Denne føremonen fall gjerne på dei som hadde beste husa. Andre gonger bytte partane hus innbyrdes og kom langt med det.

Når hus måtte flyttast, kunne ikkje det skje over natta. Bøndene måtte få tid på seg. Men flyttinga skulle seinast skje når hus var til nedfalls. I jordskifteforretninga for garden Losna, som var skifta ut i 1833, ser ein eit døme på dette: "Derimod naar et Huus er saa brøstfældigt at det til Grund maa nedrives skal det bortflyttes paa dens Eiers eget Brug og intet Vederlag gives for Tomten".[\[113\]](#)

I 1838 kjem Dahl med opplysningar om utflyttinga i Gulen tinglag fram til då. På dei omlag 6O utskifta benefiserte og andre offentleg eigde bruk, var utflyttinga slik:

På 34 bruk, benefisert under Eivindvik soknekall, var utflyttinga ferdig på 6 bruk. På 7 bruk, benefisert under bispestolen, var utflyttinga ferdig. På 2 bruk, kyrkjegods, var utflyttinga ferdig. På 14 bruk, eigde av Den Lærde Skole, var utflyttinga ferdig på dei fleste bruk. På 5 bruk, benefisert under Domkyrkja, får vi ingen opplysningar om utflytting. Mest alle desse bruka vart skifta ut i åra frå 1817 til 1825/26.

Utflyttinga på dei privat-eigde bruka, proprietær- og sjølveigarbruk:

På dei tilsaman 1O9 utskifta bruka var utflyttinga ferdig på "mange Brug", for å bruke Dahl sine ord. Dei fleste av desse bruka vart skifta ut frå slutten av 182O til midten av 183O åra.[\[114\]](#)

Dette viser at husflyttinga var kome langt i 1838, og at Dahl må ha fått gjennomslag for synet sitt om at husflyttinga burde skje snarast råd var etter jordskiftet. Utflyttinga heldt fram i Gulen tinglag og var som nemt, i den mon det var naudsynt, ført til ende i 185O-åra. Spørsmålet er korleis flyttinga reint praktisk hadde gått føre seg.

Kommisjonen av 1854 gjev interessante opplysningar også om dette:

"En anden vedlagt Erklæring...fra Eivindvigs Praestegjeld (Gulens Thinglag), hvor udflytning...er foregaet i ikke lidet Omfang, viser at dette er skeet uden Godtgjørelse i Penge eller Materialer af Medeierne, som derimod have været de Udflyttede behjelpelig med Husenes Istandsættelse og med Opdyrkning af uryddet Mark, ligesom de Udflyttede ogsaa have erholt mere Jord end de Tilbagesiddede. Skulde Udflytningen ansettes i Penge for en Gaard paa 2 a 3 Skyldaler, er saadan Asettelse der angivet til mindst 1OO a 2OO Spd., især hvis, som der er Tilfældet, Steenarbeide meget bruges, saasom til grundmurede Kjældere og tildels til hele Udhusbygninger".[\[115\]](#)

Her ser ein at flyttinga hadde gått føre seg med dugnadshjelp, og at dei som flytta også hadde fått kompensasjon i form av meir jord. Det hadde altså ikkje vore vanleg med godtgjerdslie i pengar eller material.

Kommisjonen merka seg denne framgangsmåten. Dømet frå Gulen tinglag, saman med eit kostnadsoverslag som ein mann i Vik prestegjeld hadde sendt inn, og som viste at husflytting slett ikkje trond verte så dyrt, verka oppmuntrande. Dette går fram av innstillinga: "De Oplysninger, vi have ervervet, bringe oss til at ansee Udflytningen ialmindelighed mere overkommelig en vi i Begyndelsen var villige til at antage."[\[116\]](#) Opplysningane om flyttinga i Gulen tinglag var det einaste dømet på omfattande utflytting kommisjonen kunne vise til.

Eit anna spørsmål er om bøndene også tok i bruk den nye byggjesikken når dei flytta ut. På prestegarden hadde Dahl synt fram ein byggjeskikk som var mest vedlikehaldsfri og mykje meir varig enn den byggjesikken som var vanleg på bondegardane. Mellom anna nytta han mykje gråstein til bygningsmaterial,(sjå pkt.4). Han oppmoda bøndene til å gjere det same. Det ville lette både vedlikhaldskostnadane og byggjekostnadane dei sleit med. Gråstein var det nok av på dei fleste bruk i Gulen tinglag, medan tømmer og bordkledning som bøndene brukte til all husbygging, også uthus, måtte kjøpast.

Det oppryddings- og nybrotsarbeidet på jorda som følgde med jordskiftet, førte også til at det kom opp mykje stein som kunne nyttast både til hus og til gjerde. Dahl oppmoda bøndene om å før opp alle uthus mest mogeleg av gråstein.

Dei opplysningane som kjem fram ovafor om korleis husflyttinga i Gulen tinglag hadde gått føre seg, syner også at bøndene nytta mykje stein som bygningsmaterial. Dette tyder at den nye byggjesikken hadde fått fotfeste i tinglaget i 185O-åra, og at bøndene må ha teke byggjesikken i bruk når dei flytta ut etter jordskiftet. Nokre døme på praksis underbyggjer dette. Samstundes får vi greie på kor mykje steinarbeid ein og annan bonde kunne gje seg i kast med. Det var ikkje lite.

I 1824 var Dahl på synfaring på garden Hanetveit der jordskiftet truleg var avslutta året før. Han skulle sjå på og måle opp det "ikke ubetydelige Arbeid af Grundmuret Graasteen" som dei to oppsitjarane på garden hadde utført. Lars Hansen hadde oppført: "en Faareflor, et Ildhus, en Skygge, en Gedeflor, et Nøst og en Koflor i Udmarken paa et Indgjærde", alt i gråstein. "...alle disse Mure ere oventil omrent 1 Alen bred, og i Grunden 1 1/2 Alen bred. Ialt

255 Alen Husemuur fra 2 til 3 Alen høi og fra 3/4 til 1 1/2 Alen tyk"

Grinnen, Anders Bertelsen, var ikkje stort ringare byggmeister. Han hadde sett opp: "en Faarefjøs, en Smedje, en Skygge, en Gedefjøs, et Nøst og en Koflor i Udmarken paa et Indgjærde...ialt 189 Alen Husmuur og samme Høide og Tykkelse som Lars Hansens", skriv Dahl.[\[117\]](#)

I 1837 var dei to medhjelparane på synfaring på den vesle einbølte garden Vikingvåg, av skyld berre 12 merker smør. Iver Johnsen pakta garden av Jacob Kahrs i Bergen. Sjølv om han berre var paktar og sat uvisst på garden, hadde han lagt ned eit stort arbeid der. Dette er også eit døme på at ikkje berre bønder som flytta ut, tok den nye byggjesikken i bruk, men også andre. Iver Johnsen hadde "af Grundmuer opført paa nye Tomter: en frostfrie Poteteskjælder, 4 Alen i hver Kant, et Faarefjøs, 7 Alen langt, 5 Alen bredt, en Smedje med Helletag, 5 Alen langt, 4 Alen bred, en Smedje med Helletag, 14 Alen lang og 3 Alen bred, et Skur for et Fjøs, 4 Alen langt og 8 Alen bredt, et Ildhus, 7 Alen langt og 9 Alen bredt".[\[118\]](#)

Dei to neste døma vitnar også om bruk av gråstein, men her kjem det i tillegg fram at bøndene hadde teke til med å bygge større og meir praktisk enn før. Dei samla meir under eit tak, som var ei anna side ved den nye byggjesikken.

I 1830 var Dahl på synfaring på garden Henriksbø i Eivindvik, for å sjå på bygningsarbeidet som bygselmann Iver Andersen hadde utført på bruket sitt som var på 1/2 laup smør. Det hadde vore jordskifte på garden i 1828/29.

Garden Henriksbø låg ikkje så langt frå prestegarden, så der var Dahl godt kjend. Han hadde stor vørdrnad for den arbeidssame Iver Andersen. Dette dømet syner at utflyttinga stundom gjekk hand i hand med jordskiftet. Dahl skriv: "Denne Mand har forrige Aar, med en fast utrolig Anstrængelse af Arbeid, alene ved Hjelp af en halvvoqsen Søn, der nylig er Konfirmeret...Udflyttet alle Gaardens Udhuse, paa et for ham ved Udkiftningen tilfaldne Brug, og istedet for de paa Gaarden forhen værende indskräckede og meget uhensigtsmessig opførte fiire...dels Tømmer dels Stavrede Huse, opført: af Graasteen en Grundmuret Ladebygning, hvor Lade, Kofjøs, Hestestald og flere til Udhuse og Kreaturhold fornødne Beqvemmeligheder er anbragte under eet Tag, og med 2 1/2 Alens tyk Mur i Grunden, passende trasserset til en Høide af 7 Alen. Den hele Bygning, 20 Alen lang og 13 Alen bred, i alle henseende ind- og udvendig flat og vandfri Mur, saa durabel, symetrisk og smukt muret at den i ingen henseende staar tilbage for de murede Huuse jig med saa megen Bekostning ved leiede Folk fra Nordhordlen har ladet opføre paa Eivindvigs Præstagaard".[\[119\]](#)

Dahl skriv ikkje noko om kvar Iver Andersen hadde lært murarkunsten, men truleg hadde han mang ein gong vore innom prestegarden og sett på nordhordlendingane sitt arbeid. Han budde då like ved.

[Click here for Picture](#)

Steinløp på garden Midttun i Eivindvik. Bygd om lag 1880. Denne løa må likne mykje på den løa Dahl sette opp på Næsset.

Ein annan bonde som Dahl var stolt av, var Endre Larsen på "Lille Vatsøen, boende paa en Gaard av kun 1 Pund Skyld". Han var åleine oppsitjar på den vesle garden, og var "en Ikke formuende bondemand". Likevel hadde han sett opp ein stor ladebygning "lige efter samme Model som min Ladebygning", skriv Dahl. "...lige suffisant med Teglsteens Tag, og tjærebredt hvad der er af Træ".[\[120\]](#)

Teglsteinstak høyrd også med til den nye byggjesikken. Dei var meir haldbare enn never- og torvtaka som var det vanlege på bondehusa, meinte Dahl. Om han fekk bøndene med seg på dette skal vere usagt, men her er i alle høve eit døme.

9.2 Innhegning, dyrkningsarbeid og auka avling

Kring prestegarden hadde Dahl sett opp ein svært solid steingard, 2 1/2 alne brei, 3 alne høg og omlag 1.5 km. lang. Etter kvart som jordskiftet skrei fram, og bøndene fekk brukha sin samla på ein stad og i ei strekning, råda han også dei til å frede jorda si med steingjerde. Det var viktig å skjerme bruket sitt for uvedkomande husdyr dersom ein ville dyrke og drive betre enn før. Føremonene med steingjerde framfor tregjerde var dei same som for steinhus framfor trehus. Dei var vedlikehaldsfrie og stod mykje lengre, og ein sparde på skogen som alle på dei kantar hadde lite av. I 1838 skriv Dahl at av dei omlag 60 utskifta benefiserte og offentleg eigde brukha i Gulen tinglag, var "for det meste hvert Brug med Steengjærder indhegnede under et eneste Hegn".

På alt utskifta privat gods, var "nesten alle Brug med med faae Undtagelser med Steengjærder indhegnede hvert Brug for sig".[\[121\]](#) Garden Birknes var ikkje med i denne oppgåva. Det kan tyde på at det ikkje var sett opp så mange steingjerder der. Kanskje var det ikkje nok stein på brukha. Elles ser det ut til at innhegninga var kome lengre enn husflyttinga i 1838. Mange bønder var på den tid også komne langt med dyrkningsarbeidet og hadde auka avlinga si mykje. På gardane Lid, Nævedal, Galten, Nordre Høyvik, Sæternes, Mjømna og "fleresteder" var avlinga auka til omlag det doble, skriv Dahl.[\[122\]](#)

Nokre døme syner korleis bøndene arbeidde på brukha sine etter jordskiftet, både med innhegning, jorddyrkning og

betre gjødsling, som alt til sist førte til auka avling. Her kjem ikkje minst husflyttinga inn som ein viktig del. I 1833 møter vi att byggselmann Iver Andersen på garden Henriksbø. I tillegg til alle steinhusa han hadde sett opp på bruket (sjå ovafor), hadde han no fått tid til å gjere mykje dyrkningsarbeid. Om det vesle bruket på 1/2 laup, skriv Dahl:

"Ved Rydning og Opdyrkning af Ager er Agerarealet forøget til i det ringeste en Tønde Havres Udsæd eller 5 Tønders Avl. I ligemed er Englandet ved Husenes Udflytning, og den deraf følgende forøgede Gjødsling ved Gjødselvandets Afledning, forøget til i det ringeste 2 Kreaturers Fødning...Gaarden er saaledes i høi Grad forbedret i de sidst-forløbne 2 Aar, og end meget mere vil disse Forbedringer kunne fortsetts, alt som følge af Gaardens Udkiftning og Husenes Udflytning".

Iver Andersen hadde også bytt til seg eit grunnmura sauefjøs av naboen. "Dette Huus er efter mit Eqsempel anbragt i Bøgjerdet forat Gjødningsvandet desbedre skal kunne fordeles over hele hans Lod", skriv Dahl.[\[123\]](#) Denne framgangsmåten for å utnytte gjødselen, kjenner vi att frå prestegarden.

I 1837 var det synfaring på garden Vikingvåg, hjå paktar Iver Johnsen. Han er også nemd ovafor. På den vesle paktargarden på 12 merker, hadde han ikkje berre sett opp ei rekkje steinhus, men hadde også gjort imponerande mykje nybrotsarbeid. Rapporten syner at han hadde:

"af udyrket Mark opryddet en Ager paa 8 Tønder Korn og forbedret Avlingen fra 9 Tønder til 15 Tønder Korn, og fra 10 Tønder Poteter til 15 Tønder, samt forøget Besetningen fra 11 Nødkreature til 15, og 12 Geder ovenikjøbet".[\[124\]](#)

Så kjem nokre døme frå dei gardane der avlinga inntil 1838 hadde auka til det doble. Dei gardane som vert nemde her, vart alle skifta ut kring 1825.

I 1833 var dei to medhjelparane på synfaring på garden Lid for å sjå på arbeidet som byggselmann Mikkel Olsen hadde utført. På det vesle bruket på berre 18 merker smør hadde han:

"paa egen Bekostning fra nye opført alle Gaardens Huse". Sett opp eit "forsvarligt 68 Favners Steengjærde i foreining med et 65 Favners Bøegjærde. Hvilken Indhegning indeslutter dette Brug paa alle Sider fra Naboerne...og forbedret sin Gaard ved at bryde ny Ager til omtrent 6 Tønder Havres forøget Avl, og Engmarkens Oprydning og Gjødsling, ved det fra Husene afledede Gjødselvand, til en forøgelse af 2 Nødkreaturers Fødning; alt som følge af Jordens fuldkomne Fredning og Indhegning paa alle Sider, saavel som Husenes Udflytning".[\[125\]](#)

I 1835 var dei to medhjelparane på garden Nævedal for å sjå på arbeidet som byggselmann Simon Pedersen hadde utført.

Han hadde: "...indhegnet Gaardparten med 233 Favner langt Steengjærde i Omkreds, der fuldkommen freder Eiendommen; herforuden har han ved at oprydde nyt Agerland forøget Kornavlen med omtrent 4 Tønder aarlig, samt med Oprydning og Gjødsling af Engmark forøget Kreaturholdet med 2 Koefostre".[\[126\]](#)

Endeleg var det synfaring på garden Galten same året, hjå byggselmann Aslak Lassesen, som bygsla eit bruk på 1 pund. Han hadde utført dette arbeidet:

"udflyttede Gaardens Huse og alle fra nye opførte, samt Gaardparten indhegnet med 210 Favne langt Steengjerde i Omkreds der fulkommen freder Eiendommen...ved at oprydde nyt Agerland forøget Kornavlen med 6 Tønder aarlig, samt ved oprydning og Gjødsling af Engmark forøget Kreaturholdet med 3 Koefostre".[\[127\]](#)

9.3 Konklusjon

Opplysningane ovafor syner at utflyttinga i Gulen tinglag i samband med jordskiftet, var så omfattande at klynjetunet må ha vore mest borte i dette området når ein kom fram til 1850-åra. Det er også tydeleg at den nye byggjeskikken slo igjennom i samband med utflyttinga, og at gråstein dermed vart eit mykje nytta bygningsmaterial til uthusbygningar og til grunnmura kjellarar. Såleis kan ein slå fast at tradisjonen med å nytte gråstein som bygningsmaterial i Gulen, kan førast attende til Dahl. Framleis pregar dei mange steinfjøsa og steinnausta og ikkje minst steingardane, kulturlandskapet der. Endeleg gjorde bøndene mykje dyrkningsarbeid etter jordskiftet, så mykje at det alt før 1838 kunne målast dobbel avling på somme gardar.

Det største Dahl kunne tenkje seg som mål for arbeidet sitt, både på mørnsterbruket og med jordskiftet, var at bøndene skulle ta til å interessere seg meir for jordbruksoppdraget enn før. Vi har sett at dei gjorde det, og ved fleire høve gav Dahl uttrykk for at han var svært nøgd med utviklinga på gardane.

I 1833 skriv han dette, som det er lett å vere samd med han i, til Det Nyttige Selskab:

Det er som "en for Jordforbedringer høist fordelagtil Aand i de sidste Aar meget har udbredt sig i dette Præstegjeld".[\[128\]](#)

[\[110\]](#)

UBB. Det Nyttige Selskabs arkiv, inng. brev. Brev frå Dahl 28. april 1830.

[\[111\]](#) Kommisjonsinnst. om Udkiftning af Jordfællesskab, 1856, s.1.

[\[112\]](#) SA. Gulen sokneprestarkiv, utg. brev. Brev frå Dahl til amtm. Falsen, om jordskifteespørsmål m. m. 21. jan. 1822.

[\[113\]](#) SA. Gulen forlikskommisjon, forh. prot. nr. 2, 3. juli 1833.

[\[114\]](#) SA. Gulen sokneprestarkiv, utg. brev. "Indberetning" til amtm. om økonomiske tilhøve i prestegjeldet m.m. 11. juli 1838.

[\[115\]](#) Kommisjonsinnst. om Udkiftning af Jordfællesskab, 1856, s. 1O2.

[\[116\]](#) Ibid, s.1O2.

[\[117\]](#) UBB. Det Nyttige Selskabs arkiv, inng. brev. Søknad med synfaringsrapport frå Dahl - om premie til Lars Hansen og Anders Berthelsen, 4. nov. 1825.

[\[118\]](#) Ibid. Søknad om premie til Iver Johnsen, 15. sept. 1837.

[\[119\]](#) Ibid. Søknad om premie til Iver Andersen, 28. april 1830.

[\[120\]](#) SA. Gulen prestarkiv, utg. brev. Frå Dahl til amtm., april 1824.

[\[121\]](#) SA. Gulen sokneprestarkiv, utg. brev. "Indberetning" til amtm. om økonomiske tilhøve i prestegjeldet m.m. 11. juli 1838.

[\[122\]](#) Ibid.

[\[123\]](#) Ibid. Søknad om premie til Iver Andersen, 22. aug. 1833.

[\[124\]](#) Ibid. Søknad om premie til Iver Johnsen, 15. sept. 1837.

[\[125\]](#) Ibid. Søknad om premie til Mikkel Olsen, 22. aug. 1833.

[\[126\]](#) Ibid. Søkand om premie til Simon Pedersen, 29. aug. 1835.

[\[127\]](#) Ibid. Søknad om premie til Aslak Lassesen, 29. aug. 1835.

[\[128\]](#) Ibid. Brev frå Dahl 22. aug. 1833.





10. Avslutning

Dahl døydde i Eivindvik 4. august 1852. Han hadde då bak seg 48-års teneste i prestegjeldet. Dei sist åra han levde hadde han sviktande helse, men så langt han makta var han aktiv til det siste. Den dagen han døydde skulle han ha møtt i forlikskommisjonen.

Han hadde sett spor etter seg i prestegjeldet på fleire felt, men det var som føregangsmann i jordbruket han ruva mest. Gjennom målretta arbeid frå første stund, makta han langt på veg å omskape det vesle fiskarsamfunnet i Gulen Tinglag, til eit samfunn av "jordbrugende Bønder". Mange andre føregangsmenn, kanskje dei fleste, kunne ikkje vise til så gode result.

Det er ikkje tvil om at patriotisme var den sterkeste drivkrafta bak Dahl sin eineståande innsats som føregangsmann på jordbruksområdet i Eivindvik prestegjeldet. Han hadde aldri vanskar med å sjå arbeidet sitt i ein nasjonal samanheng. Eit rikare jordbruk i det karlige prestegjeldet hans, var ikkje berre til beste for bøndene og lokalsamfunnet der, men også for fedrelandet.

Når ein skal freiste å forklare korleis det hadde seg at Dahl nådde så langt som føregangsmann, særleg var det ei bragd å få jordskiftet så vel i hamn, nyttar det ikkje berre å vise til patriotisme. Ymse personlege tilhøve og eigenskapar spela minst like stor rolle.

Som embetsmann og prest hadde han den prestisje som skulle til for å få bøndene i tale. Han hadde solide kunnskapar både om dei formelle og dei praktiske sidene ved eit jordskifte, og han hadde sett seg godt inn i jordbrukstilhøva i prestegjeldet. Han hadde også reint personlege eigenskapar som kom han til hjelp. Han hadde stor menneskekunnskap og gjekk fram med skjønsemeld i arbeidet. Han hadde framifrå leiareigenskapar og visste å velje dei beste medarbeidarane. Dei to jordskiftemennene frå Eivindvik er eit vitnemål om det. Endeleg hadde han ein sjeldan evne til å påverke, oppmunstre og motivere til innsats.

Studiet av Dahl og livsverket hans i Eivindvik prestegjeld, har synt at han var ein pioner av dei sjeldne, og at det er grunnlag for dei mytene som har spunne seg om han. "Brød af Steen og Aand af Striler Dahl i Eivindvigen tvang", skriv Wergeland. Eit nærmare kjennskap til livsverket hans har ikkje gjort desse orda til skamme.





11. Vedlegg 1

Dahl sitt oversalg over byggjekostnader for gammal og ny bygningsmåte. (SA. Gulen s.prestark. utg.brev, til amtm. april 1824.(Dahl sitt lovframlegg))

Gammal byggjeskikk. "Paa et her i Egnen almindeligt Jordbrug af 1/2 Løb... behøves:

1. En Sætestue, 9 a 1O Alen lang og lige saa bred.

2. En Ildstue, 7 a 8 Alen i hver Kant.

3. En Sengebod, ligesaa 7 a 8 Alen i hver Kant.

4. En Stolpebod eller Stavbur, 5 a 6 Alen i hver Kant.

5. Et Ildhuus, 6 a 8 Alen i hver Kant, de 4re første tømrede og Ildhuset stavet.

Hertil behøves følgende bygnings Materialer:

1. Til Stuen, 4 Tylter 1O alens Tømmer, som her betales sædvanlig med 1 Spd. for hver alens Lengde pr. Tylt.

Altsaa 1O Spd. pr. Tylt - er..... 4O Spd.

2. Ildstuen, 4 Tylter; thi antallet af Tylter bliver altid lige naar Tømmerets Lengde forholder sig til Husets Størrelse, altsaa 8 alens Tømmer a 8 Spd. pr. Tylt - gjør..... 32 Spd.

3. Sengeboden, lige mange Tylter Tømmer af 7 alens Lengde, og a 7 Spd. pr. Tylt - er..... 28 Spd.

4. Stolpeboden eller Stavburet, 4 Tylter 6 alens Tømmer a 6 Spd. pr. Tylt - er..... 24 Spd.

5. Ildhuset bestaaende af Stavværk...utfordres 1 Tylt Stavværk af 7 alens Lengde, beregnet til..... 7 Spd.

Til Bordkledning og Gulver i alle Huse, og Loft i Sengeboden og Stolpeboden eller Stavburet, utfordres henved 1OO Tylter Sognebord a 1 Spd. - er..... 1OO Spd.

Til Sutag...3O Tylter udskudte Bord,...2 Tylter....12 Spd.

Til Tag-Sperrer, Drægler, Bjelker og Gulve i ovennevnte 5 Huse udfordres omrent 16 Tylter a 1 Spd. pr Tylt - er...16 Spd.

Af Næver eller Birkebark udfordres omrent det firdobbelte af Husenes Alenmaal i hver Kant; altsaa til Stuen 4O Voger, Ildstuen 32 Voger osv: til alle 5 Huse 152 Voger a 1/2 Spd. pr. Vog..... 76 Spd.

Tilsammen alle Bygninsmaterialerne til ovennevnte Huse = 335 Spd.

Ny byggjeskikk (stovebygning)

"Den ene nye Bygning som erstatter hine 5, antager jig at skulle værer med Kjøkkenet udenfor Stuen, af 14 Alens Lengde og 1O alens Bredde, med Kjælder under Stuen, og tømret Loft ovenpaa; Loftet afpanelet i et Væresle for Senge og Klæder; et andet for Madvahrer, som og tillige med Melken, om Sommeren kunne for en stor Deel forvares i Kjælderen. Til saadan Bygning at opføre udfordres:

6 Tylter 14 Alens Tømmer, da Bønderne almindeligt pleier at bruge tømrdede Overværelser uden andet Loft, med Klædningen paa Sperrerne,...a 14 Spd. for Tylten..... 84 Spd.

Til Bordklædninger, Loft, og Gulv udfordres 3O (?) Tylter Sognebord eller Kjøbmandsbord a 1 Spd. pr. T:..... 3O Spd.

Til Suetag medgaard 12 Tylter Samhængbord, a 3 Ort.. 7 " 1 Ort.

Tolv Tylter Lægter, a 3 Ort er..... 7 " 1 "

Toe Tylter Bjelker, og Gulvaaser, a 2 Spd. er..... 4 "

Toe Tylter ? a 1 Spd. er..... 2 "

Toe Tylter Drægler, a 1 Spd. er 2 "

Tagsteen udfordres omrent 14OO Stykker..... 28 "

164 Spd. 2 Ort.

...Til hele Bygningen koster altsaa Materialerne 164 Spd. og 2 Ort, som altsaa endnu kun er Reparations-Omkostningerne i 2O Aar for hine 5 Bønderhuse; og en saadane Bygning koster mindre i Arbeidslønn, end hine 5 Huse". (Ein mann hadde 2 ort og 12 skilling i daglønn).

"End mere iøinefaldede vil Besparelsen være med Ladebygningen, da et saa svært Tag, som Kofjøsens, der paa en saadan Gaard maae være 16 Alen lang og 8 Alen bred, aldeles bespares, naar nemlig i stedet for:

1. Lade, 24 Alen lang og 12 Alen bred.

2. Kofjøsen, 16 Alen lang og 8 Alen bred.

3. Faarefjøsen, 8 Alen lang og 6 Alen bred.

4. Gjedefjøsen, 7 Alen lang og 6 Alen bred.
5. Hestestald og Grisehus, 6 Alen lang og 3 Alen bred i en Bygning , under et Tag, med langt større nytte og Beqvemmelighed alle Kreaturer og Gaardens Avling kan rummes, hvilket sker naar den er 3O Alen lang og 1O Alen bred, med Kjælder under Gulvet, hvorigjennem Gjødselen bør Falde...Kan Steen findes paa Gaarden og i Nærheden, og den hele Bygning opføres af Grundmur, er med halv Bekostning flere Sekler hen bygget for alle Efterkommere".
-





12. Vedlegg 2

Utskifta gardar i Eivindvik prestegjeld fram til 1838.

G. namn Ant. Utsk. Off./priv. Tingl.

bruk år

Fonna 2 1814 benefisert Gulen

Nordal, Lille 3 1817/26 "

Nordal, Store 3 " "

Høie? 2 " "

Lid 5 " " (2 bruk) "

Galten 2 " "

Høyvik 2 " "

Vestervik 3 " "

Neverdal 3 " "

Undertun 2 " "

Hanetveit 2 " "

Austgulen 7 " "

Hjartås 2 " "

Fivelsdal 3 " "

Grinde 2 " "

Grimstad 2 " "

Vilsvik 3 " "

Knarvik 2 " "

Wergeland 2 " " Lavik

Henriksbø 4 1829 " Gulen

Halsvik 2 1829 benefisert "

Steine 3 " "

Midtun 4 ? privat "

Nordgulen 5 " "

Byrknes 24 1828 "

Flolid 2 1833 "

Ynnesdal 2 ? "

Berge 2 1834 "

Myre 3 ? "

Kjellevold 3 " "

Slengesol 2 " "

Molde 3 " "

Glenja 2 " "

Sæternes 4 " "

Brandanger 4 " "

Storenes 3 " "

Sande 9 " "

G. namn Ant. Utsk. Off./priv. Tingl.

bruk år

Ånneland, Søndre 5 " "

Randal 3 1829 "

Mjømen 8 1835 "

? 2

Falebø 2 ? "

Rise 2 " "

Burvig? 2 "

Losna 3 " " Utvær

Breidvik 3 " " Gulen

Hjartholm, Indre 2 " " Lavik

Takle, Ytre 3 " " "

Takle, Midtre 3 " " "

Brekke, Ytre 2 " " "





13. Litteratur og trykte kjelder

Amtmannen: 5-årsmelding for N. Bergenhus (1830-35)

Bjørvik, Halvard og Anders Holmsen: "Gardskipnad i Sogn og Fjordane for 150 år sidan", **Tidsskrift utgjeve av historielaget for Sogn**, nr. 16, 1953

Engesæter, Ludvig: **Brekke herred**, bd. I

Espelid, Knut: **Til Medborgernes Sande Vel - Det Nyttige Selskab 1774-1974**

Grendahl, Torleif: **Jordskifteverket gjennom 100 år (1859-1958)**, Oslo 1959

Hasund, Sigvald: **Vårt Landbruks Historie**, Oslo 1932

Hasund, Sigvald: **Det Kgl. Selskab for Norges Vel**, 1941

Hasund, Sigvald: **Or Noregs Bondesoge**, 1942

Hellesnes, Torstein: **Jordtilhøva og jordskiftet i Hordaland**, 1967

Juvkam: "Trekk av utsiktningsvæsenets historie", **Tidsskrift for Det norske Utsiktningsvæsen**, bd.5, 1917

Kraft, Jens: **Det Vestenfjeldske Norge**, Deel 4, 1830

Kleiva, Ivar: **Gulen i gammal og ny tid**, bd I, 1973

Kleiva, Ivar: "Niels Griis Alstrup Dahl", **Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn**, nr. 17, 1955

Kommisjonsinnstilling til lov om "Udskiftning af Jordfællesskab", 1856

Lampe, Johan Fr.: **Bergens Stift Biskoper og Præster**

Lindeqvist, Johan: **Optegnesler under en Landbruksreise gjennom det sydlige Norge sommeren 1855**. 1856

Lunde, Jens: **Sogn og Fjordane Landbrukselskap**, 1957

Laache, Rolf: "Om Eivindvikspresten Niels Dahl", **Historisk Tidsskrift**, nr. 31, 1937-1940

Molland, Einar: **Norges kirkehistorie i det 19. århundre**, 1979

Naumann, Carl Fredrich: **Beiträge zur Kenntniss Norwegen's**, bd. I-II, Lpz. 1824

Neumann, Jacob: "Bemærkninger paa en Reise i Sogn og i Søndfjord 1823" **Budstikken** no 47 til 53, 1824

Norges Matrikel 1838

Pavels, Calus: **Dagbøger for årene (1817-1822)**, bd.II.

Rysstad, Sigurd: **Det som svarte seg best**, 1990

Thunæs: "en oppmalingskonduktør fra føste halvdel av forrige aarhundrede", **Tidsskrift for Det norske Utsiktningsvæsen**, bd.10, 1926

Tveite, Stein: **Jord og gjerning**

Valen-Senstad: **Norske landbruksredskaper 1800-1850** årene, 1964

Wisnes, A.H.: **Det Norske Selskab 1772-1812**, 1924

Worm Müller, Jac.S: **Norge Gjennom Nødsårene, 1807-1810**, 1917

Utrykte kjelder

Universitetet i Bergen

Manuskriptsamlinga

Brev frå Dahl til Ole Elias Holck, 16.2.1831

Det Nyttige Selskabs arkiv

Ei rekke soknader med synfaringsrapportar

frå Dahl. (Søknader om premietildeling til bønder i prestegjeldet)

Statsarkivet i Bergen

Gulen forlikskommisjon, forhandlingsprt. nr. 1, 2

og 3.

Gulen sokneprestarkiv, Syns- og takstforretn. på prestegarden, 17.8.1818. arkivboks nr.47.

Frå kopibok for utg. brev:

Brev til amtm. om jordskifespørsmål m.m. 21.1.1822.

Brev til stiftsdir., 27.4.1824.

Brev til amtm. april 1824, Dahl sitt framlegg til jordskiftelov.

Oppgåve over embetsinntektene m. m. i 1827, 1843 og 1846, sendt til biskopen.

"Innberetning" til amtm. om økonomiske tilhøve m. m. i prestegjeldet. 11.7.1838 og 26.2.1846.

Brev til amtm. om jordskiftet på garden Byrknes, 3.1.1829.

Brev til biskopen 24.9.1827.

Brev til biskopen 5.2.1832.

Riksarkivet: Opplysningar om prestegarden i Eivindvik i Regjeringskom. sine teljingar for 1808-1809.

